

SULA KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL**

**Onsdag 26.02.2020 kl. 14.00 på Sula rådhus, møterom 1**

**SAKLISTE:**

- Sak 03/20 Meldingar
- Sak 04/20 Godkjenning av møtebok frå møte 09.01.2020.
- Sak 05/20 Praktisering av regelverk for offentlege anskaffingar i Sula kommune.
- Sak 06/20 Bestilling av overordna analyse og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.
- Sak 07/20 Årsrapport 2019 skatteopkrevjaren i Sula.
- Sak 08/20 Årsmelding 2019 Sula kontrollutval.
- Sak 09/20 Orientering om rutinar innan heimebasert omsorg v/rådmann.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksisks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksisks.no)

Olav Bjarne Skodje  
leiar  
(sign.)

## **Sak 03/20 Meldingar**

- Melding nr. 1**      Ad tvistesak mot Boligprosjekt AS – Sula kommune – forlik
- Melding nr. 2**      Møtebok frå konstituerande møte i representantskapet i Sunnmøre  
kontrollutvalsekretariat IKS
- Melding nr. 3**      Tilbod om kurs

Avtalevilkår aksepteres

Leon Aurdal LEON AURDAL



SULA KOMMUNE  
Rådmann

Advokat Ingvar H. Seth  
MNA - Møterett for Høyesterett

Sula kommune  
Rådmannen Leon Aurdal  
e-post: [leon.aurdal@sula.kommune.no](mailto:leon.aurdal@sula.kommune.no)

Vår ref.:  
IHS/ -mir

Deres ref.:

Dato:  
20.januar 2020

AD TVISTESAK MOT BOLIG PROSJEKT AS – SULA KOMMUNE – FORLIK

Jeg viser til min stevning til Sunnmøre tingrett på vegne av Bolig Prosjekt AS datert 23.september 2019. Jeg viser ellers til tidligere telefonsamtaler med drøftelser rundt en forliksløsning.

På vegne av Bolig Prosjekt AS bekrefter jeg med dette følgende Avtale:

1.  
Sula kommune betaler Bolig Prosjekt AS kr. 500.000,- som fullt og endelig oppgjør for utførte tilleggsarbeider, ekstra omkostninger m.m. i forbindelse med Bolig Prosjekt AS sin oppføring av 9 omsorgsleiligheter for Sula kommune på eiendommen gnr.111 bnr. 10 i Sula kommune.
2.  
Oppgjør skal skje til advokat Ingvar H. Seths klientbankkonto 3900.07.00049 så fort det er praktisk mulig og innen 8 dager fra i dag.
3.  
Når kr. 500.000,- er betalt, jf. foranstående pkt.2 har Bolig Prosjekt AS ikke noe mer å kreve i forbindelse med utførte byggearbeider.
4.  
Når oppgjør er foretatt blir sak 19-192168TVI-SUMO for Sunnmøre tingrett og heve på bakgrunn av inngått utenrettslig forlik. I anledning saken for Sunnmøre tingrett skal hver av partene dekke egne omkostninger.

\* \* \* \* \*

I forhold til det som er anført foran ber jeg om tilbakemelding og forutsatt at det jeg har anført er i tråd med våre forhandlinger er det nå bare å konstatere at partene har inngått forlik og tvistesaken løst

Jeg ber om snarlig tilbakemelding.

Med vennlig hilsen

Ingvar H. Seth

Gjenpart: Andre Hammer ( [hammer@bolig-prosjekt.no](mailto:hammer@bolig-prosjekt.no) )

AVTALE VILKÅRENE  
AKSEPTERES

Andre Hammer

Leif Morten  
BETHA/67

**Bolig Prosjekt AS**  
Fyllingvegen 3  
6030 LANGEVÅG

Sunnmøre tingrett  
Postboks 1354 Sentrum  
6001 Ålesund

*(Sendes via Aktørportalen)*

**Vår ref.:**  
IHS/mir

**Deres ref.:**

**Dato:**  
27.desember 2019

**PROSESSKRIV**

**TIL**

**SUNNMØRE TINGRETT**

\* \* \* \* \*

**Saknr.** 19-192168TVI-SUMO

**Saksøker:** Bolig Prosjekt AS (orgnr. 983 489 885)  
Fyllingsvegen 3  
6030 Langevåg

**Prosessfullmektig:** Advokat (H) Ingvar H. Seth  
Postboks 10, Sentrum  
6001 Ålesund

**Saksøkt :** Sula kommune  
Ordføreren  
Postboks 280  
6039 Langevåg

**Prosessfullmektig:** Advokat Reidar Andresen  
Advokatfirma Judicia DA  
Grimmergata 5  
6002 Ålesund

\* \* \* \* \*

**Saken gjelder:** Krav om betaling for tilleggsytelser for levert boligblokk med 9 omsorgsleiligheter.

Det vises til stevning med vedlegg datert 23.12.2019.

Søksmålet gjelder krav på erstatning. Erstatningskrav skal ikke momsbelegges slik det feilaktig er gjort, jf. stevningen side 5 og nedlagt påstand.


Jeg nedlegger med dette slik

**Korrigert Påstand:**

1. Sula kommune dømmes til å betale Bolig Prosjekt AS kr.593.630,-.
2. Sula kommune dømmes til å betale de kostnader som påløper fra Bolig Prosjekt AS i anledning søksmålet for Sunnmøre tingrett.

Ålesund 27.desember 2019

Ingvar H. Seth  
Advokat



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS (SKS IKS)**

**Representantskapet**

**MØTEBOK**

Møtedato: 23. januar 2020, kl. 12.30

Møtestad: Lerstadvegen 545, 4. etasje. i SKS IKS sine lokalar

Møtet vart leia av Torgrim B. Finnes, Ålesund kommune fram til val av ny leiar av representantskapet. Deretter leia nyvalt leiar Dag Olav Tennfjord frå Ålesund kommune møte.

Elles til stades:

Gudmund Relling, Fjord kommune, Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune, Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, Dag Oksnes, Giske kommune, Jan Magnar Sandvik, Sula kommune, Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune, Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune, Håkon Lykkebø Strand, Ålesund kommune, Åge Vikestrand, Ålesund kommune, Randi Asbjørnsen, Ålesund kommune.

**= 10 voterande**

Ikkje til stades: Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune.

Frå administrasjonen møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista blei godkjent.

---

**Sak 01/20 Møtebok frå møte 17.10.2019 til vitande.**

Representantskapet tok møteboka frå møte 17. oktober 2019 samrøystes til vitande.

## **Sak 02/20 Val av leiar og nestleiar i representantskapet i SKS IKS**

Det låg ikkje føre innstilling til vedtak frå sekretariatet.

Jan Ove Tryggestad frå Stranda kommune fremma forslag på Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune som leiar av representantskapet. Vebjørn Krogsæter, Ålesund kommune fremma forslag på Jan Ove Tryggestad som nestleiar av representantskapet.

Det blei først votert over leiar og deretter votert over nestleiar.

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Dag Olav Tennfjord, Ålesund kommune veljast som leiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune veljast som nestleiar av representantskapet for perioden 2020 – 2023.

## **Sak 03/20 Val av styre i SKS IKS.**

Nestleiar av valkomiteen Gudmund Relling ga ei orientering kring komiteens sitt arbeid og presenterte kandidatane.

### **Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Som styre for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS veljast følgjande medlemmar og varamedlemmar:

- Styreleiar Svein Ove Søholt, veljast for 4 år
- Nestleiar Anne Lise Hessen Følsvik, veljast for 4 år
- Styremedlem Rolf Bergmann, veljast for 2 år
  
- 1. varamedlem Gunn H. Wågsholm, veljast for 2 år
- 2. varamedlem Randi Bakken Stavseth, veljast for 2 år
- 3. varamedlem Thor Hansen, veljast for 2 år

<b>Sak 04/20 Kort orientering om selskapet ved dagleg leiar Bjørn Tømmerdal</b>
---

Dagleg leiar ga ei orientering om selskapet og dei utfordringane og moglegheitene ein står over for. Fokus var knytt til bemanninga av selskapet i tida framover. Medlemmane fekk høve til å stille spørsmål kring desse emna.

**Representantskapet sitt samrøystes vedtak:**

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

---

Neste møte i representantskapet var avtalt til måndag 11. mai og onsdag 21. oktober, begge dagar kl. 12.30 (med lunsj frå 12.00) i Lerstadvegen 545.

Møte var slutt kl.13.50

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



# Melding nr. 3

## Folkevaldopplæring –17. 3.2020 -Alexandra Hotel, Molde

Tidspunkt	Tema	Foredragsholder
<b>09:00 – 09:30</b>	<b>REGISTRERING og noe å bite i</b>	
09:30 - 09:35	Innledning	Daglig leder Jane Aspen, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
09:35 – 10:30	Systemsvikt i kommunal sektor <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rettslige krav til forvaltningens systeminnretning</li> </ul>	Professor <b>Erik Magnus Boe</b> , UiO
<b>10:30-10:45</b>	<b>PAUSE</b>	
10:45 – 11:45	State of the Nation <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hva er tilstand i Norge for kommunale og fylkeskommunale bygg, veier, vannforsyning og avløpsanlegg?</li> <li>- Rådgivende ingeniørers forening (RIF) sin tilstandsanalyse av infrastrukturen i Norge vil bli presentert og gjennomgått               <ul style="list-style-type: none"> <li>o Kommunale og fylkeskommunale bygg: <a href="https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Bygg.pdf">https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Bygg.pdf</a></li> <li>o Kommunale og fylkesveier: <a href="https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vei.pdf">https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vei.pdf</a></li> <li>o VA-anleggene og –nettet: <a href="https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vann-Avlopsanlegg.pdf">https://www.rif.no/wp-content/uploads/2019/08/Vann-Avlopsanlegg.pdf</a></li> </ul> </li> <li>- Hvilken rolle bør kontrollutvalgene ta ovenfor sine kommuner?</li> </ul>	FoU-leder <b>Tom Baade-Mathiesen</b> , Norconsult
<b>11:45 – 12:30</b>	<b>LUNSJ</b>	
12:30 – 13:10	Kommuneøkonomi <ul style="list-style-type: none"> <li>- Finansielle måltall</li> </ul>	Stabssjef for økonomi- og virksomhetsstyring <b>Lars Kr. Fylling</b> , Ålesund kommune
13:10– 13:45	Økonomi for ikke-økonomer <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper</li> </ul>	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring <b>Åge Sandsengen</b> , Nord-Aurdal kommune
<b>13:45 – 14:00</b>	<b>PAUSE</b>	
14:00 – 15:00	....forts Økonomi for ikke-økonomer <ul style="list-style-type: none"> <li>- Hvordan lese og forstå kommuneregnskaper</li> <li>- Sentrale regnskapsmessige forhold som kontrollutvalgene bør være opptatt av</li> </ul>	Kommunalsjef økonomi, teknisk og næring <b>Åge Sandsengen</b> , Nord-Aurdal kommune
<b>15:00-15:15</b>	<b>PAUSE – med kaffe og kake</b>	
15:15 – 16:15	Eierskapsforvaltning <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prinsipper for god eierskapsutøvelse</li> </ul>	Avdelingsdirektør <b>Georg Rabl</b> , Eierskapsavdelingen i Næringsdepartementet
<b>16:15-16:30</b>	<b>PAUSE</b>	
16:30 – 17:00	Hvordan bør kontrollutvalgene følge opp eierskapsforvaltningen	Kontrollsjef <b>Tor Harald Hustad</b> , Møre og Romsdal fylkeskommune

**Sak 04/20 Godkjenning av møtebok frå møte 09.01.2020.**

**KONTROLLVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 25.11.2019, kl.14.00  
Møtestad: Sula rådhus, møterom 1b.

Møtet vart leia av Olav Bjarne Skodje.

Elles til stades:  
Gunvor Reistad Aannø, Aslak Digernes, Svein Værnes og Inger Øien.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og juridisk rådgjevar Kjetil Kvammen.

Frå kommunerevisjonen møtte Kathrin Haram.

Frå Sula kommune møtte ordførar Jim Arve Røssevoll, rådmann Leon Aurdal, økonomisjef Britt Blindheim, Per-Arne Christensen, Jens Petter Larsen, Fritz Østrem, Jørn Agersborg og Birgitte Valderhaug.

**Sak 01/20 - Godkjenning av møtebok frå møte 25.11.2019**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møteboka frå møte 25. november 2019 blir godkjent.

**Sak 02/20 - Orientering om innkjøpsrutinar og offentlege anskaffingar i Sula kommune ved rådmann Leon Aurdal.**

Sakspapir frå sekretariatet datert 2. januar 2020

Saka vart lagt fram utan tilråding frå sekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal ga kontrollutvalet ei orientering om stoda rundt offentlege anskaffingar i Sula kommune. Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål og det blei supplert med informasjon knytt til spørsmåla som var oversendt administrasjonen i høve saka.

**Leiar Olav Bjarne Skodje fremma følgjande forslag til vedtak:**

1. Kontrollutvalet er sterkt bekymra og meiner utifrå eit kontrollperspektiv at saka om offentlege anskaffingar i Sula kommune må sjåast nærare på.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet til neste møte 19. februar 2020 lage ei sak som omhandlar lærings- og forbetningsrutinar knytt til dette området.
3. Kontrollutvalet vurderer å sende ei slik sak vidare til Sula kommunestyre slik at dei kan nytte dette i arbeidet sitt med rullering av innkjøpspolitikk - felles retningslinjer i Sula kommune.
4. Kontrollutvalet ber om at Rådmannen sender over varsel om rettslige skritt mot Sula Kommune til sekretariatet.

**Forslaget blei vedtatt samrøystes.**

**Eventuelt:**

Leiar Olav Bjarne Skodje tok opp følgjande:

Etter en innbyggerhenvendelse har jeg fått vite at det har vært avvik i rutiner som gjelder eldre som har krav på dusj / bad. Ved juletider fikk en slik person beskjed om at det ikke ble vasking på røde dager. Dette var en uke før jul, og neste besøk ville bli 07. januar. Hjemmetjenesten ble kontaktet og fikk beskjed om at julaften ikke var rød dag. Det kom visst som en overraskelse, og denne personen fikk hjelp allikevel.

1. Er det virkelig slik at ved røde dager i kalenderen, så kan det gå tre uker mellom slike viktige besøk?

**Forslag til vedtak:**

Sula Kontrollutval vedtar å kalle inn rådmann til neste møte den 19. februar. Dette for å avklare lover og rutiner på spørsmålet.

**Forslaget blei vedtatt samrøystes.**

Møtet var slutt kl. 15.50

Olav Bjarne Skodje Leiar (sign.)	Gunvor Reistad Aannø Nestleiar (sign.)	Aslak Digernes Medlem (sign.)	Svein Værnes Medlem (sign.)	Inger Øien Medlem (sign.)
--	--	-------------------------------------	-----------------------------------	---------------------------------

## Sak 05/20 Praktisering av regelverk for offentlege anskaffingar i Sula kommune.

Saksnummer:	Arkiv:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20		17.02.2020	26.02.2020	Kjetil Kvammen

### 1. Forslag til vedtak

Sekretariatet legg saka fram for kontrollutvalet med følgjande forslag til

#### innstilling:

- 1.1. Kommunestyret syner til at anskaffingar i kommunen ofte gjeld store beløp med risiko for kommunalt ansvar dersom det blir gjort feil.
- 1.2. Med bakgrunn i saker som det den seinare tida har vore fokus på føreset kommunestyret at administrasjonen legg til rette for at anskaffingsreglane for framtida blir fylgde.
- 1.3. Kommunestyret bed om at det administrative tilsynet med kommunen sine innkjøp vert innarbeidd i ei årleg internkontrollrapportering etter kommunelova § 25-2.

- Vedlegg:**
1. Skriftlege rutinar innførde i 2019
  2. Oversikt over kommunen sine avtalar og rammeavtalar pr. desember 2019
  3. Notat av 31.01.2020 med kommunen sine svar på spørsmål frå sekretariatet
  4. Innkjøpspolitikk – felles retningslinjer, vedtaksdato: 03.05.2018

### 2. Bakgrunn for saka, kontrollutvalet sine vedtak

Særleg mot siste delen av 2019 vart det gjeve breid offentleg omtale av konkrete saker om anskaffing med grunnlag i rammeavtalar der kommunen var part. Det vart m.a. hevda at Sula kommune har brote anskaffingsreglane, noko kommunen langt på veg har erkjent.

## 2.1. Møte 09.01.2020 i kontrollutvalet

I møte den 09.01.2020 gjorde kontrollutvalet i sak 02/20 slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet er sterkt bekymra og meiner utifrå eit kontrollperspektiv at saka om offentlege anskaffingar i Sula kommune må sjåast nærare på.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet til neste møte 19. februar 2020 lage ei sak som omhandlar lærings- og forbetningsrutinar knytt til dette området.
3. Kontrollutvalet vurderer å sende ei slik sak vidare til Sula kommunestyre, slik at dei kan nytte dette i arbeidet sitt med rullering av innkjøpspolitikk - felles retningslinjer i Sula kommune.
4. Kontrollutvalet ber om at Rådmannen sender over varsel om rettslige skritt mot Sula Kommune til sekretariatet.

Etter kontrollutvalg- og revisjonsforskrifta § 7 skal sekretariatet for kontrollutvalet «forberede sakene for kontrollutvalget og ... påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet».

Sekretariatet tolkar utvalet sitt vedtak slik at ein med utgangspunkt i to konkrete saker bør sjå nærare på kva som har vore moglege manglar og samtidig vurdere korleis ein på dette forvaltningsområdet kan få dekt det løpande behovet for forbetningar som det kan vere aktuelt å framheve.

## 2.2. Tidlegare handsaming i kontrollutvalet

I møte 02.03.2019, sak nr. 09/19, orienterte rådmann, kommunalsjef og økonomisjef om offentlege anskaffingar. Nyleg utarbeidde skriftlege rutinar (jfr. **vedlegg nr. 1**) vart framlagde. Kontrollutvalet bad om ytterlegare informasjon om implementeringa i eit komande møte.

I sak 15/19 den 24.05.2019 blei det frå rådmannen og økonomisjefen orientert om dei nye rutinane ved offentlege anskaffingar. Informasjonen varte teken til vitande med oppmoding om ny oppdatering.

Oppfølging av denne saka skjedde i møte 25.09.2019, jfr. sak 19/19. I referatet frå dette møtet går det fram at «Administrasjonen gav ei grundig orientering kring arbeidet med å betre rutinar for offentlege innkjøp. Både rammeavtarar og konkurranse om entreprenørtenester blei presentert for kontrollutvalet». Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.

## 3. Regelverket – særleg om rammeavtarar, avrop og terskelverdiar

### 3.1. Utfordringane

Kommunen sine innkjøp er i stor grad underlagde det særskilde regelverket om offentlege anskaffingar. Reglane er i stor grad ei gjennomføring av Noreg sine plikter i høve til EØS-avtalen. Hovudformålet med regelverket om offentlege anskaffingar er at kommunen skal kunne kjøpe varer og tenester som dekkjer behovet og som har rett kvalitet og til lavast muleg pris.

Reglane er langt på veg eit prosedyreregulering, dvs. det fastset framgangsmåten for innkjøpa. Det er vanskeleg å etterleve anskaffingsreglane utan planlegging, god kompetanse og gode rutinar for gjennomføringa av innkjøpa. For å nå målet har kommunen som offentleg oppdragsgjevar difor bruk for både innkjøpsfagleg, teknisk og kommersiell kompetanse. Det er også nødvendig med kjennskap til regelverket.

Brot på reglane vil kunne føre til klager til kommunen frå tilbydarar, klage til klageorganet KOFA og kanskje endatil søksmål. KOFA kan ileggje overtredelsesgebyr for det som vert definert som ulovlege direkte anskaffingar, jfr. nedafor under pkt. 5.2. Dette gebyret kan gå opp til 15 prosent av kontrakta sin verdi.

### **3.2. Rammeavtalar – ikkje ein eigen anskaffingsprosedyre, men ei kontraktstype**

Omfanget av rammeavtalar med kommunen som part er stort, jfr. **vedlegg nr. 2**.

Ein rammeavtale har til formål å fastsetje vilkåra for dei kontraktene som skal tildelast ein eller fleire leverandørar i løpet av ein gitt periode, maksimalt fire år (FOA §§ 4-1 i) og 26-1 fjerde ledd). Basert på vilkåra i avtalen kan det gjerast enkeltkjøp, såkalte avrop, i perioden utan at kommunen treng å gjennomføre fullstendig nye konkurransar for kvart enkelt innkjøp. Ein rammeavtale kan inngåast med fleire leverandørar, slik som i Sula der det i ei aktuell sak var tre leverandørar..

Ein rammeavtale skal definere dei varer og tenester kommunen kan avrope (bestille/tildele kontrakt for) og dei betingelsar og kontraktsvilkår som i så fall skal gjelde. I anskaffingsdokumenta vart det t.d. fastsett at tildeling av kontrakter under rammeavtalen skulle skje etter ei bestemt prioritering av dei tre leverandørane.

Ordinære anskaffelsesprosedyrar må likevel følgjast ved bruk av rammeavtale. Det er berre dersom rammeavtalen er inngått i samsvar med prosedyren i forskrifta, at kommunen kan foreta avrop utan å måtte kunngjere og gjennomføre ein heil anskaffingsprosedyre.

Om arbeida som skal utførast / anskaffinga er slik at rammeavtalen fastset alle kontraktsvilkåra slik forskrifta (FOA § 26-3) krev er eit spørsmål om tolking av innhaldet i rammeavtalen.

Tildeling av kontraktar kan først skje når alle vilkåra fastsette i rammeavtalen for tildeling av avrop kan oppfyllast.

### **3.3. Berekning av anskaffinga sin anslåtte verdi**

Behovet for å tilordne det enkelte oppdrag / den konkrete leveransen inn under rett avtale er avgjerande for fleire forhold. Ved rammeavtalar er t.d. slik styring nødvendig for å kunne følgje med i at innkjøpa ligg innafor den øvre volumgrensa som er kunngjort.

Ved rammeavtale må kommunen som oppdragsgivar basere si kunngjering på den maksimale verdien av alle kontraktene som kommunen forventar å inngå i løpet av den tida avtalen varer, jf. § 5-4 femte ledd.

Med maksimal verdi er meint den høgaste sannsynlege verdien av alle kontraktene som kan ventast i heile avtaleperioden.



I tillegg til dette må kommunen ved bygge- og anleggskontrakter ta med alle varene og tenestene som oppdragsgivaren sjølv stiller til leverandøren si rådighet, og som er nødvendige for å utføre bygge- og anleggsarbeida.

Verdien av anskaffingane er eit sentralt element i regelverket. Verdiberekningane skal referere seg til tidspunktet for kunngjeringa av konkurransen (FOA § 5-4 (2) ).

Prosedyrane for konkurranse er avhengig av storleiken på innkjøpa. Det er anskaffingsforskrifta (FOA) som fastlegg kva for reglar som skal gjelde. Forskrifta er bygd opp slik at det gjeld ulike regelsett for anskaffingar over og under EØS-terskelverdi. Anskaffingar som overstig desse EØS-terskelverdiane følgjer forskrifta del III.

### 3.4. Kva for forskrift som gjeld

På det tidspunktet i 2015 då partane starta kommunikasjonen om oppdrag under rammeavtalen gjaldt 2006-forskrifta (FOR-2006-04-07-404).

I 2015 gjaldt desse terskelverdiane:

Anskaffingar som var større enn kr 500 000 (eks. mva.) (såkalla nasjonal terskelverdi), men som ikkje oversteig EØS-terskelverdiane, skulle følgje reglane i forskrifta [del I](#) og [del II](#). Dette innebar krav om kunngjering på den nasjonale kunngjeringsdatabasen Doffin.

Sula kommune gjennomførde slik kunngjering.

For bygge- og anleggsarbeid var EØS-terskelverdien fram til 01.07.2015 på kr 39 millioner kr eks. mva. Anskaffingar som var berekna til å bli større enn dette skulle følgje reglane i FOA del III. Det innebar m.a. krav om kunngjering i den europeiske basen (TED).

Slik kunngjering har Sula kommune ikkje gjennomført, noko som inneber brot på anskaffingsregelverket.

For anskaffingar som vart sette i verk etter 01.01.2017 kom ny forskrift som vart vedtatt i 2016 og som gjeld i dag., med bl.a. auke av terskelverdiar.

Det normale er at EØS-terskelverdiane vert justert annakvart år.

## 4. System, rutinar og samarbeid på innkjøpssektoren

### 4.1. Innkjøpspolitikk – felles retningslinjer

Kommunestyret vedtok i møte den 03.05.2018 retningslinjer som har til formål å sikre ein felles innkjøpspolitikk i kommunen, jfr. **vedlegg nr. 4**. Dette interne og overordna regelverket slår m.a. fast at innkjøpa skal vere «kostnadseffektive og i tråd med gjeldande lov- og regelverk». Det går elles fram at Sula kommune skal vere deltakar i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre, men stå fritt til å delta eller stå utanfor når det gjeld den enkelte konkurransen som blir gjennomført i regi av samarbeidet.

Det framgår elles at innkjøpspolitikken innan samarbeidet skal harmoniserast, dvs. vere «tilnærma lik».

Når det gjeld temaet for nærverande sak heiter det i § 3.2 i retningslinene at «Alle innkjøp skal skje i tråd med kommunen sine rammeavtalar og etter retningslinjer utarbeidd av rådmannen...».

Ein kan også merke seg § 1 andre ledd: «Retningslinjene skal rullerast ved oppstart av ny kommunestyreperiode».

## 4.2. Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre

Dette samarbeidet er leia av Konserninnekjøp i Ålesund kommune. Samarbeidskommunane kan delta i Ålesund kommune sine rammeavtalar og kan få rådgiving i innkjøpsfaglege spørsmål.

## 4.3. Samarbeidsavtale med Ålesund kommune

Sula kommune har ein oppseieleg avtale med Ålesund kommune om innkjøp av nærare definerte varer og tenester. Det heiter at «*Formålet med samarbeidsforholdet er å effektivisere anskaffelsesprosessen med målsetting om å redusere anskaffelseskostnadene*».

Avtale for åra 2014 – 2017 vart inngått 27.01.2014. Samarbeidsavtalen er pr. i dag forlenga fram til utgangen av 2024.

Etter denne avtalen skal Ålesund kommune inngå rammeavtalar på vegne av Sula kommune og gi Sula kommune høve til å tiltre alle rammeavtalar som Ålesund kommune, Konserninnekjøp, inngår.

Det heiter elles at «Ålesund kommune skal uten ekstra vederlag gi rådgiving i innkjøpsfaglige problemstillinger av mindre omfang».

I spørsmålet om ansvar i avtaleforholdet framgår dessutan følgjande:

### «4.1.4. Ansvar

*Ålesund kommune er ansvarlig for at rammeavtalene inngås i henhold til det regelverk for offentlige anskaffelser som er gjeldende til enhver tid. Alle krav eller søksmål som gjelder Ålesund kommune sin håndtering av anskaffelsesprosessen i forbindelse med inngåelse av rammeavtalen og den påfølgende administrasjonen (se pkt. 4.1.2) av rammeavtalen er Ålesund kommune sitt ansvar.*

*Ansvarer omfatter ikke det kjøpsrettslige forholdet mellom Sula kommune og den valgte leverandør. Ålesund kommune er således ikke ansvarlig for Sula kommune sine handlinger eller unnlatelser i forhold til den enkelte leverandør, herunder avrop, følge rekkefølgekrav, rettidig betaling og lignende.»*

Ved konkurranseutsetjing i 2019 av den rammeavtalen der konkurransen seinare vart avlyst av Sula kommune etter rettsforhandlingar (jfr. pkt. 6 nedanfor) gjaldt samarbeidsavtale inngått 04.01.2018 med Ålesund kommune. Det er ikkje kome fram at Ålesund kommune har tatt del i denne anskaffelsesprosessen.

Det var Sula kommune sjølv som kunngjorde anbudskonkurransen med det siktemål å inngå ein rammeavtale for drift-, vedlikehalds- og investeringsprosjekt. Det går fram av kunngjeringa (pkt. II.1.5) at kommunen hadde anslått verdien av rammeavtalen til 150 mill. kroner, ekskl. mva.



#### 4.4. Innkjøpssamarbeidet sin rammeavtale med Odin Prosjekt AS

Den 01.02.2017 inngjekk innkjøpssjefen i Ålesund kommune rammeavtale om kjøp av innkjøpsbistand frå Odin Prosjekt AS. Dette selskapet har etter det opplyste eit tverrfagleg rådgjevingsteam med kompetanse innan offentleg innkjøp. Selskapet har i følgje nettsida kontor i Bergen og Oslo. Det er framheva at selskapet har særleg kompetanse innanfor m.a. utarbeiding og kvalitetssikring av spesifikasjonar og konkurransegrunnlag. Tvisten som Sula kommune var involvert i går nettopp på desse delane av fagområdet innkjøp.

Avtalepartar på kundesida var m.a. 18 kommunar (2017) på Sunnmøre, derunder Sula

Av rammeavtalen går det fram

- det er relativt stor valfridom for kommunen om den vil gjere seg nytte av avtalen

#### 4.5. Intern organisering av innkjøpsfunksjonen i kommunen, kompetanse

Ansvarleg for innkjøpa er einingsleiar innafor det området i kommunen som innkjøpa gjeld. Innafor bygg og anlegg er dette driftsleiar kommunalteknisk Fritz Østrem og kommunalsjef teknisk sektor Jørn Agersborg. Jens Petter Larsen er tilknytta økonomiavdelinga som seniorrådgjevar.

Kommunen stadfestar at den interne kompetansen innan temaet offentlege anskaffingar er bygd opp og meiner at den vert halden godt ved like. Dette skjer gjennom deltakingar i fagdagar og kurs. Innkjøpssamarbeidet med Ålesund har årleg også bidratt til slik kompetanseheving.

Oppdatering av intern kompetanse har etter det kommunen opplyser særleg vore retta mot kunnskap om endringar i lovverk, førebuing/gjennomføring av konkurransar og bruk av rammeavtalar. Ref.: **Vedlegg nr. 3**, Notat av 31.01.2020, svar på spørsmål 2.

#### 4.6. Spørsmål om interne skriftlege rutinar på området

Summen av alle avrop på rammeavtalen frå 2015 gjekk etter kvart vesentleg ut over rammeavtalen sin anslåtte verdi. Kommunen hadde ikkje skriftlege rutinar for oppfølging av samla kjøp over rammeavtalar. Situasjonar der anslått verdi utover rammeavtalen sitt omfang eller utover terskelverdiar i anskaffingsforskrifta var såleis ikkje omhandla i rutinebeskrivelsar.

Det låg ikkje føre dokument som inneheld eit sett av formaliserte rutinar som beskreib krav om handlingar på dette området i anskaffingssaker. Dette var heller ikkje implementert i ein innkjøpsinstruks eller instruks for bestilling av varer og tenester.

Før 2019 hadde kvar enkelt budsjett-/prosjektansvarleg ansvar for oppfølging av avtalar / rammeavtalar. I 2019 var det imidlertid innført skriftlege rutinar for oppfølging av totalbruk.

Etter tilbudsgrunnlaget datert 14.04.2015 (side 2 av 7) skulle alle oppdrag skje med bestillingsskjema frå prosjektansvarleg i PBD-eininga.

Dette har berre delvis vorte fylgt opp av kommunen. Det er framlagt i alt 7 slike bestillingsskjema signert av prosjektansvarleg i PBD-eininga / driftsleiar kommunalteknisk i åra 2015, 2016 og 2018. Dermed har heller ikkje alle avrop på den aktuelle rammeavtalen av 2015 vorte gjort skriftleg.

Kommunen påstarta i 2019 Arbeidet med å utarbeide «Rutiner for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtaler» vart påstarta i 2019, jfr. **vedlegg nr. 1**. Dokumentet vart den 26.02.2019 sendt til leiargruppa og seinare godkjent av rådmannen og deretter sendt ut til dei ansvarlege.

Når det gjaldt implementering så vart rutinen i kvalitetssystemet distribuert direkte til ansvarlege og orienteringar gitt i mellomleiargruppe.

Rutinene frå 2019 tilseier at administrasjonen månadleg ved framlagde lister skal dokumentere å ha utført kontroll av om noko kjøp i løpet av dei seinaste 3 åra, frå nokon leverandør, kan vere «kjøp utover avtale».

Sekretariatet bad om har enno ikkje motteke

#### 4.7. Internkontroll etter kommunelova

Feil som oppsto ved gjennomføring av rammeavtalen frå 2015 skuldast manglande oppfølging av avrop. Anten dette skuldast mangel på system eller rutinar eller administrative feil så høyrer det i alle tilfeller under område som skulle vore oppfanga av den internkontrollen som rådmannen har ansvaret for.

Kommunelova § 25-1, første ledd lyder:

*«Kommuner ... skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren ... er ansvarlig for internkontrollen».*

Målet er nettopp å sikre at lover og forskrifter blir fylgde, i dette tilfelle særleg lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Sjølv om utføringa av det konkrete internkontrollarbeidet vert delegert til ulike tenesteområde i kommunen så vil rådmannen framleis ha ansvaret for oppfylging av desse kontrollkrava i lova.

I forarbeida til kommunelova (Prop. 46 L (2017-2018) side 412 vert det presisert at internkontrollen skal vere «systematisk»:

*«Arbeidet med internkontrollen skal ikke være tilfeldig, hendelsesbasert eller spontant. Det innebærer at det må være fungerende rutiner for det løpende internkontrollarbeidet som det jobbes med på en planmessig og metodisk måte....  
Det skal gjøres konkrete vurderinger i den aktuelle virksomheten eller avktivitet innad i kommunen for å vurdere hvor omfattende og hva slags internkontroll det er behov for».*

Administrasjonen kan ved sekretariatet sin gjennomgong ikkje peike på særskilte tiltak som har vore eigna til å hindre overskridingane av rammeavtalen og dermed unngå at innkjøpa kom i strid med reglane om konkurranse.

På området for internkontroll kan det difor vere grunn til å stille følgjande spørsmål med verknad for framtidige tilhøve:

- er arbeidsoppgåvene og tilhøyrande arbeidsdeling slik organisert at internkontroll og kvalitet i saksbehandlinga løpende vert sikra ?

- er det tydeleg fastsett kva for avgjerdsmynde den enkelte saksbehandlar har i innkjøpssakene i kommunen ?
- har Sula kommune sikra tilstrekkeleg kompetanse innan området for anskaffing og er det etablert tiltak som skal bidra til læring innan området ?
- har det vore etablert eit sett av formaliserte rutinar som klargjer sentrale krav og handlingar som skal utførast i anskaffingssaker og inkluderar desse rutinane også fokus på etikk og integritet ?

Det kan visast til dei svara kommunen har gitt på kontrollutvalet sine spørsmål, jfr. møte den 09.01.2020 i utvalet. Vidare har rådmannen opplyst saka nærmare under førebuinga av denne saka. Det er sekretariatet si oppfatning at administrasjonen har ein annan og betre fokus på desse tilhøva enn tidlegare.

#### 4.8. Rapportering til kommunestyret om internkontroll

Lova set som minstekrav at det minst ein gong i året skal rapporterast om internkontroll til kommunestyret.

I dette kravet ligg at det både skal rapporterast om system, rutiner og løpande internkontrollarbeid og dei konkrete kontrollane som er gjennomførde. Det er opp til kommunestyret å bestemme detaljeringsgraden.

Årsmeldingane er ei årleg lovpålagd rapportering om verksemd og økonomi for året som har gått, særleg opp mot kommunen sine styringsdokument. Her er imidlertid internkontrollen ikkje nemnd utover følgjande sitat frå side 6-7 i rådmannen si årsmelding for 2018:

##### **«Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.**

.....  
*Nye etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart vedtatt i kommunestyret 03.05.18.*

*Det vert arbeidd med kontrollrutiner for innkjøp. Nytt program innstallert i 2018 vil lette arbeidet med utlysing av innkjøpsavtaler og kontrollen med dei avtalane som vert inngått etter at dette programmet er tatt i bruk. Dessverre kan ein ikkje legge inn gamle avtaler.»*

Eksempel på meir sjølvstendig årleg gjennomført rapportering til kommunestyret av internkontrollen på anskaffingsområdet er ikkje lagd fram.

#### 4.9. Dataverkty

Kommunen nyttar «Visma Tendsign» som verkty for konkurransegjennomføring. Dette er ei skyteneste for digitaliserte innkjøp. Kommunen nyttar dette programmet for elektroniske forespørslar der leverandøren kan stille spørsmål og sende tilbod digitalt. Programmet har også malar for gjennomføring av konkurransar.

Rutinen for kontroll av innkjøp- og innkjøpsavtalar som kom i stand i 2019 vart lagd inn i kommunen sitt kvalitetssystem, «Risk Manager».

### 5. Overskriding av anslått verdi – manglande kunnjingering av konkurranse

## 5.1. Omsetnadsutvikling i høve til verdirammer

Kontrollutvalet har stilt spørsmål om kva grunnen til overskridingane kan vere. Sidan overskridingane har pågått over eit langt tidsrom vil det vere naturleg å sjå på kva rutinar som kommunen har på området og korleis feila kunne ha vore unngått.

Kommunen gjennomførde våren 2015 ei konkurranseutsetjing av byggje- og anleggsarbeid. Dette vart for øvrig noko misvisande omtala som «innleige av maskinarbeid». Kunngjeringa skjedde med tanke på å inngå ein rammeavtale og denne vart korrekt nemnd som bygg- og anleggsanskaffing.

Av konkurransegrunnlaget framgjekk m.a. følgjande: «Avtalen vil omfatte investeringsprosjekt som vi antar vil utgjere kr. 8 million pr. år. PBD eininga har ein investeringsramme for innkjøp og arbeid på ca. 20 mill. i året for løyvingar til vatn og avlaup».

Avtalen skulle løpe i perioden 2015 – 2019. Etter vilkåra i konkurransegrunnlaget skulle dei tre beste tilbydarane prioriterast. Dersom den best prioriterte ikkje hadde kapasitet, skulle det enkelte oppdraget gå til den som var prioritert som nest best, osv. Den prioriterte rekkjefølgja var: Lindseth Entreprenør AS, Hole Maskiner AS og Svinø Entreprenør AS.

Konkurransen mellom fleire entreprenørar under rammeavtalen var meint å skje i berre eitt trinn, og kunne ut i kommunen si rekkjefølgjeprioritering. I rammeavtalen si levetid / volumgrense var denne rekkjefølgja då endeleg. Den kunne ikkje endrast slik det ofte vert gjort gjennom ein ny (intern) konkurranse, såkalla «minikonkurranse» mellom partane i rammeavtalen. Slik eittrinns-anskaffing føreset etter forskrifta (FOA) at alle kontraktvilkåra var avklara ved den første kunngjeringa.

Kommunen sitt grunnlag for **anslått verdi** av kontrakta var etter det opplyste budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018. Større enkeltinvesteringar var føresette å bli haldne utanfor rammeavtalen og anskaffa gjennom separate konkurransar. Dette gjaldt nytt renseanlegg og overføringsanlegg, men desse har blitt utsett, noko som har ført til større innsats mot andre prioriterte oppgåver i kommunedelplan for avløp.

I oversikt som fylgde brev av 19.12.2019 frå rådmannen framgår det av vedlegg 2-4 at samla kjøp pr. 2019 under rammeavtalen frå 2015 var komne opp i:

-	Lindset Entreprenør AS	kr. 81.486.071
-	Hole Maskiner AS	kr. 10.395.706
-	Svinø Entreprenør AS	kr. <u>4.124.844</u>
	Sum	kr. <u>96.006.621</u>

Kjøp etter såkalla minikonkurransar hausten 2019 er ikkje med her. Desse er oppgitt til kr. 378.346.- som gjeld avtalar med Aco Anlegg AS.

Utviklinga i oppdraga til entreprenørane er opplyst å ha vore slik:



Sula kommune - omsetning under rammeavtalen av 2015

	2015	2016	Sum	2 017	Sum	2018	2019	Sum totalt
Lindset	7 023 239	19 578 751		22 744 451		26 550 550	5 589 079	81 486 070
Hole	655 430	4 117 914		1 954 189		3 646 134	22 040	10 395 707
Svinø	<u>1 661 602</u>	<u>2 307 208</u>		<u>58 500</u>		<u>97 535</u>	<u>0</u>	<u>4 124 845</u>
Sum	<u>9 340 271</u>	<u>26 003 873</u>	35 344 144	<u>24 757 140</u>	<b>60 101 284</b>	30 294 219	5 611 119	<b>96 006 622</b>

I løpet av 2017 passerte omsetninga terskelverdien 39 mill. kroner for bygge- og anleggskontrakter under rammeavtalen av 2015. Overskridinga utgjør ca. 47 mill. kroner eller ca. 120 %.

Allereie ved utgangen av 2016 var rammeavtalen sin totale verdi passert med ca. 3 mill. kroner. Anskaffingane som vart gjorde i kommunen skulle då ha vore konkurranseutsett på Doffin på basis av eit nytt og oppdatert konkurransegrunnlag.

Ser ein på tala ovanfor, finn ein at anskaffingane etter 2016, i åra 2017 – 2019, til saman utgjorde kr. 60.662.478.-. Av denne summen vart kr. 54.884.080.- innkjøpt frå Lindset. Det betyr at Lindset over tre år hadde 90,4 % av desse oppdraga, utan konkurranseutsett avtale.

Det er ikkje tatt omsyn til at i tillegg til dette heldt kommunen v/PBD-eininga med vareleveransar.

Rådmannen tok saka opp i eit møte 19.02.2019 med formannskapet på grunn av eit innsynskrav frå Sunnmørsposten. Her vart det drøfta ordningar for å unngå at overskridingane auka endå meir. Vi går her ikkje nærare inn på dei tiltaka som då vart sette i verk.

Rådmannen orienterte samtidig om dei ansvarstilhøva som kommunen kunne kome opp i som følgje av regelbrotet.

I internt notat av 26.02.2019 orienterte rådmannen Sula formannskap om at innkjøpa under rammeavtalen for byggje- og anleggskontrakter var overskriden med ca. 55 million kroner. Dette var anskaffingar med grunnlag i rammeavtalen, sett i høve til tidlegare anslåtte øvre grenser for innkjøp.

## 5.2. Ulovleg direkte anskaffing - omgrep

«Ulovlig direkte anskaffelse» vert nytta om anskaffing som oppdragsgivar har gjennomført i strid med kunngjøringsplikta.

Omgrepet «*ulovlig direkte anskaffelse*» var definert i 2006-forskrifta § 4-1 q). I gjeldande forskrift (F2016) vart definisjonen ikkje vidareført. Men det går fram av forarbeida at innhaldet i omgrepet er vidareført.

«Direkte anskaffelse» tyder avtaleinngåing utan forutgåande konkurranse, noko som i så fall kan tyde på at eit grunnprinsipp i lova er sett til side.

### 5.3. Ulike moment i spørsmålet om direkte ulovleg anskaffing

Sula kommune kunngjorde i 2015 ein open anbodskonkurranse for rammeavtale innan bygge- og anleggskontrakter. Konkurransen vart kunngjort i Doffin-databasen, men ikkje i TED-databasen.

I kunngjeringa vart verdien av anskaffingane under rammeavtalen anslått til 8 million kroner pr. år, dvs. kr. 32 million. Det vert lagt til grunn at tilsvarande verdi også var tatt inn i konkurransegrunnlaget.

Rammeavtalen skulle gjelde for tidsromet 2015-2019. Ved utgongen av 2016 var omsetninga komen opp i kr. 35 million og anslått verdi dermed overskriden. På eit tidspunkt i 2017 var også terskelverdien kr. 39 million for kunngjering i TED-databasen passert.

Det vil normalt vere eit sentralt spørsmål om avrop på rammeavtalen utover estimert verdi utgjer ei slik vesentleg endring ved den store utvidinga av avtalen sin verdi at det ligg føre ei ulovleg direkte anskaffing. Det må i den samanhengen merkast at kommunen sine anskaffingar ikkje har gått ut over det tidsromet rammeavtalen etter kunngjeringa skulle vare.

Anskaffinga følger FOA (2006) og i følgje § 4-1 bokstav q ligg det føre ei ulovleg direkte anskaffing *"hvor oppdragsgiver i strid med reglene i denne forskrift ikke har kunngjort konkurransen, eller en anskaffelse hvor oppdragsgiver bare har kunngjort i Doffin når det etter denne forskriften foreligger en plikt til å kunngjøre i TED-databasen"*.

Det kan visast til KOFA si avgjerd 2016/134 der tilsvarande var tema. Det same standpunktet inntok KOFA i sak 2016/26. Det var *«foretatt en ulovlig direkte anskaffelse når konkurransen var gjennomført etter reglene i forskriftens del II, uten kunngjøring i TED-databasen.»*. Nærare grunngjeving er gitt i premiss 19. Her heiter det m.a.: *«Anslaget skal foretas i forkant av at oppdragsgiver kunngjør eller begynner å innhente tilbud og anslaget må være holdbart.»*

At bygge- og anleggskontrakter med ein anslått verdi på over 39 millionar kroner ekskl. mva. skal kunngjerast i TED-databasen følgjer av reglane i forskriften del III, jfr. §§ 18-1 og 2-2 (1).

Endeleg vurdering av eit slikt spørsmål bør gjerast på eit breiast muleg grunnlag.

## 6. Feil utforming av konkurransegrunnlag – brot på grunnleggjande prinsipp

### 6.1. Bakgrunn

Dei spørsmåla kontrollutvalet til no har stilt omkring denne saka har grunnlag i at kommunen erkjente ei plikt til å annullere kontraktstildeling og avlyse ein utlyst anbodskonkurranse. Brotet på reglane følgde m.a. av at dei vilkåra kommunen hadde stilt overfor leverandørar verka avgrensande på konkurransen.

Utgangspunktet er at tilbydarane skal og må basere sine tilbud på det oppdragsgjevaren etterspør. Dette gjeld ikkje berre type vare og teneste, men og korleis kvalitet og utføring skal leverast. Det er til vanleg oppdragsgjevaren som veit best korleis konkurransegrunnlaget skal utformast. Ved utforminga kan det vere nødvendig å innhente kompetanse frå aktuelle fagfelt. Dette gjeld ofte for å få rett utforming av kravspesifikasjonar for leveransen.

Men oppdragsgjeveren står ikkje fritt i utforminga. Den kan ikkje vere slik at den unødigg hindrar eller svekkjer mulegheitene for konkurranse. I så fall strid kravspesifikasjonane mot lova sitt formål.

Sula kommune utlyste i 2019 oppdrag med levering av heilsveiste røyr. Samtidig stilte kommunen krav om at tilbydarar måtte ha kompetanse til å utføre sveisinga. I det låg at kommunen ikkje ville godta at tilbod var basert på at slik kompetanse om nødvendig kunne leigast inn frå ein underleverandør av tilbydaren.

For å tilsikre at tilbydaren hadde den nødvendige kompetansen stilte kommunen krav om at leverandøren sine egne tilsette hadde sveisesertifikat.

## 6.2. Kunngjeringa

Konkurransegrunnlaget vart kunngjort 15.05.2019 på Doffin (den nasjonale databasen for offentlege innkjøp) og i TED (EU-databasen)

Dette gjaldt oppdrag med drift og vedlikehald av kommunen sin tekniske infrastruktur. Avtaleforma var rammeavtale med berekna verdi 150 mill. kroner, jfr. ovanfor.

Kommunen sitt absolutte krav var at «PE-sveising opp til og med 315 mm» måtte utførast av leverandøren sjølv og ikkje setjast bort til underleverandør.

To entreprenørar, Svinø Entreprenør AS og Aco Anlegg AS, som hadde fått sine tilbod avvist, gjekk den 25.09.2019 til rettslege skritt mot kommunen. Dette søksmålet vart reist etter at kommunen ved avgjerd av 05.09.2019 hadde tildelt oppdraget til Lindset Entreprenør AS og Hole Maskiner AS, men før det var inngått kontrakt med nokon av dei.

Kravet for tingretten var at kommunen skulle få forbod mot å inngå kontrakter med Lindset og Hole med basis i rammeavtalen. Grunnlaget var at rammeavtaleleverandøren etter konkurransegrunnlaget ikkje kunne nytte underleverandør på sveising, noko saksøklarane meinte var i strid med anskaffingsforskrifta (FOA § 15-1 (2)). Dette meinte saksøklarane var ein kravspesifikasjon som oppstilte eit unødvendig strengt krav og dermed verka konkurransehindrande.

Saksøklarane viste til praksis frå EU-domstolen og meinte av det vilkåret Sula kommune hadde stilt streid mot fleire av dei grunnleggjande prinsippa i anskaffingslova § 4, slik som forholdsmessigheit, likebehandling og konkurranseprinsippet.

Sula kommune hevda på si side at sveisearbeida inngjekk som ei sentral eller kritisk oppgåve i det som skulle leverast og at ein unntaksregel (i FOA § 19-2) difor måtte gjelde.

Saksøklarane hevda også at kommunen si endring av kommunen sitt opprinnelege krav til arbeidsvarslingskurs var ei vesentleg endring i konkurransegrunnlaget som det ikkje var høve til å gjere etter at tilbodsfristen var utløpt.

Vidare hevda saksøklarane at i tillegg til kommunen sitt krav til sertifisering av sveisarar så var det ikkje sakleg grunn for å krevje opplyst namn på personar som skulle utføre slikt arbeid ein eller annan gong i løpet av rammeavtaleperioden på 4 år.

### 6.3. Den rettslege behandlinga

#### Prosess som munna ut i forlik om hovudkravet

I løpet av rettsmøtet i desember 2019 kom Sula kommune fram til at prosessrisikoen var for stor til at kommunen burde oppretthalde sin påstand om frifinning i saka. Kommunen meddelte difor i rettsmøtet at konkurransen ville bli avlyst. Det var då ikkje lenger aktuelt for tingretten å ta stilling til saksøklarane sitt krav. Haldbarheita av dette kravet og grunngevingane for det vart såleis ikkje rettsleg prøvd.

### 6.4. Avlysinga av konkurransen

Slik avlysing skjedde ved brev av 19.12.2019 til tilbydarane. Her opplyser kommunen at grunnen til avlysinga er at oppdraget var tildelt på eit urett grunnlag. Når dette kunne ha verka inn på resultatet av konkurransen hadde kommunen plikt til å avlyse. I brevet vert det dessutan hevda at kommunen også hadde rett til slik avlysing.

Det tildelingskriteriet som var i strid med lova var kravet til personellet hjå tilbydar, nærare bestemt kravet om sveisesertifikat hjå leverandøren og krav til gjennomført kurs.

Spørsmål om kva for ansvar som følgjer av avlysinga nemner ikkje kommunen her noko om.

### 6.2. Nærare om avtaleforholdet med Odin Prosjekt AS

Særleg når anskaffingsreglane vert brotne på ein måte som gir grunnlag for å stature at det har gått føre seg ei ulovleg direkte anskaffing vil spørsmål om ansvar vere nærliggjande. Ansvarstilhøva omkring kva som gjekk feil i anskaffingsprosessen vert då til vanleg etterspurde. Særleg kan det knytast interesse til den rolla Sula kommune sine rådgjevarar har hatt og om der utfrå dette kan utleiast eksternt ansvar.

Ansvaret for den bistand Odin Prosjekt AS gir inn mot ein anskaffingsprosess er definert i ein til dels omstendeleg kravspesifikasjon som inngår i rammeavtalen med konsulentselskapet. Avtalepartane har for det enkelte steg i innkjøpsprosessane betinga seg rett til anten å «delta» eller å «bidra/tilrettelegge» utan å vere ansvarleg. I spesifikasjonen vekslar desse rollene mellom Sula kommune og Odin Prosjekt AS.

Når det gjeld utarbeiding av Sula kommune sin kravspesifikasjon så går det fram at Odin Prosjekt AS skal «Bidra/tilrettelegge» og kommunen skal vere «Ansvarlig». Men her er gjort det atterhald at «leverandør (dvs. Odin Prosjekt AS) må vurdere om kravspesifikasjonen er god nok til å motta egnede tilbud». Av ein «merknad» som er knytt til dette framgår det at Odin Prosjekt AS var forplikta til å «gi tilbakemelding» til Sula kommune «om nødvendige endringar».

Det er ikkje kjent at Odin Prosjekt AS har varsla om at kravspesifikasjonen f.eks. kunne vere ulovleg og det vil kunne reisast spørsmål om m.a. dette inneber at konsulentselskapet mislegheldt avtalen med Sula kommune.

Nærare vurderingar av spørsmålet om ansvar vil liggje utafor kontrollutvalet si sak.



## 7. Synspunkt på årsakene til svikten som førde til avlysing

### 7.1. Avlysingsgrunnane

Kommunen sitt krav overfor tilbydarane bygde i stor grad på at sveising av PE-røyra var ei kritisk oppgåve i det som skulle leverast. Kvaliteten på sveisearbeida var ei viktig føresetnad for lang levetid på desse investerings- og vedlikehaldsprosjekta. Arbeida kunne dessutan vere fagleg utfordrande og seinare reparasjonar av mulege manglar ville kunne bli kostbare.

Kravspesifikasjon skulle utfrå denne tankegangen tene til å sikre at «det mest kritiske leddet ved VA-arbeider utføres med så høy kvalitet og levetid som mulig», ref.: Brev av 19.09.2019 til Svinø Entreprenør AS.

Før den rettslege prosessen fastheld kommunen også at kravet til kvaliteten på tilbydarane sitt personell var eit lovleg tildelingskriterium.

Sula kommune har opplyst at det vart søkt råd hjå Odin Prosjekt AS når det gjaldt tilbydarane sine klager. Kommunen tok klagen til følgje når det gjaldt arbeidsvarslingskurs og konkurransegrunnlaget vart justert tilsvarande. Men forbodet mot bruk av underentreprenør til PE-sveising vart ståande då både kommunen og Odin Prosjekt AS meinte at dette var lovleg. Dei to tilbydarane Svinø og Aco var usamde i dette.

Sula kommune har seinare erkjent at det vart stilt for strenge krav til kravspesifikasjonane når det gjaldt personellmessig kompetanse for dei som skulle utføre PE-sveising, slik at konkurransen måtte avlysast. Dette er ei erkjenning av å ha nytta eit ulovleg tildelingskriterium i konkurransen. Sjølv om dette ikkje vart slått fast rettsleg i saka, vart standpunktet inntatt etter råd frå kommunen sin prosessfullmektig, advokat Marianne H. Dragsten, og kommunen sine egne vurderingar.

Denne endringa kom først fram under rettsforhandlingane den 10.12.2019 om den midlertidige forføyninga. Deretter vart endringa sett ut i praksis ved kommunen sitt brev av 19.12.2019 med avlysing av konkurransen og slik dette seinare er stadfesta direkte overfor kontrollutvalet.

### 7.2. I kva grad plikta til avlysing kunne forutsjåast

Innkjøpsregelverket for det offentlege er komplisert og praksis frå Klageorganet for offentlege anskaffingar (KOFA) viser at det i avgjerdene ofte er tolkingstvil. Likevel kan det røysast spørsmål om utforminga av kravspesifikasjonane burde ha vore vurdert nærare utfrå ein anskaffingsrettsleg synsvinkel på eit tidlegare stadium.

### 7.3. Kofa-avgjerd 98/2010

Klagaren var tilbydar i ein open anbodskonkurranse om inngåing av rammeavtalar om kjøp av trappeheiser. Kofa fann at oppdragsgjevaren (NAV Drift og utvikling) hadde brote det grunnleggjande kravet til konkurranse ved å stille krav om at det måtte leverast typeprøvningsattest for alle tilbodne trappeheiser.

Innklaga (NAV) hevda at det var lovleg å stille krav om at trappeheisene skulle typeprøvast. Grunngevinga deira bygde på risikovurderingar og at maskinene kunne ha ein betydeleg risiko ved

bruk, m.a. av funksjonshemma personar. Difor måtte innklaga av omsyn til sine brukarar sikre ein størst muleg grad av kvalitetssikring for sine produkt.

Kofa var ikkje samd i dette. Ein leverandør kan velje å dokumentere at produktet oppfyller kravspesifikasjonen på ein annan måte enn det oppdragsgjevaren bed om. Formålet med å kreve dokumentasjon for oppfyljing av kravspesifikasjonen, er at produktet skal oppfylle oppdragsgjevaren sine funksjonskrav, ikkje at dokumentasjonskravet i seg sjølv skal utgjere ein konkurranseavgrensande faktor.

Kravet til konkurranse inneber m.a. at oppdragsgjevar ikkje kan stille krav til tilboda som verkar usakleg konkurranseavgrensande. Å stille ulovlege krav i konkurransegrunnlaget er ein feil som ikkje kan rettast og difor skulle konkurransen vore avlyst. Kofa viser samstundes vist til EF-domstolen si sak C-448/01 (Wienstrom).

Saka har ein tydeleg parallell til Sula kommune sine ulovlege kravspesifikasjonar og ein må legge til grunn at alle rettskjelder på området heile tida var kjende for Sula kommune sine rådgjevarar, sjølv om anskaffingsforskrifta §19-2 ikkje var direkte omhandla i dette materialet.

#### **7.4. Synspunkt ved etterfølgjande kontroll – spørsmål om kritikk av kommunen**

##### 7.4.1. I saka om overskriding av verdirammer – manglande kunngjering

Om auka verdiramme ved kunngjeringa i 2015 ville ha ført til betre tilbod er vanskeleg å fastslå i ettertid. Tilbod frå i alt 10 firma gjenspeglar responsen i marknaden og interessa for konkurransen. Det er også vanskeleg å vurdere om prioriteringa mellom dei tre godtatte tilboda ville ha vore annleis.

Med sterkare rutinemessig styring kunne kommunen i forhold til oppdragstakarane ansvarsfritt ha terminert rammeavtalen pr. 01.06.2017 ved å ikkje nytte seg av opsjonen på 1 + 1 år. Ein ville då kunne unngått overskriding. Kommunen kan imidlertid ikkje dokumentere om det vart gjort slike vurderingar i samband med spørsmål om bruk av opsjonen.

Kommunen kan heller ikkje dokumentere om det blei gjort vurderingar av å nytte seg av retten til oppeiing av avtalen med 6 månaders frist.

Det høyrer også med i vurderingane å påpeike at arbeidet med betra rutiner vart påstarta først etter at rammeavtalane var i ferd med å kome i fokus hjå media.

##### 7.4.2. I saka om avlysing – omsyn som talar mot kritikk av kommunen sin handlemåte

Sjølv om kommunen utad svarar for sine eigne rådgjevarar, vil ei naturleg slutning vere at hovudelementet i tvisten som førde til avlysing korkje skuldast fråverande / svake rutinar i kommunen eller sterkt uforsvarlege vurderingar, men sakleg usemje om eit konkret juridisk spørsmål, nemleg tolking av anskaffingsreglane med hovudvekt på konkurranseprinsippet. Ved sida av dette fekk ein under rettsmøtet ny informasjon om betydninga av sveisesertifikat.

Kommunen sin intensjon hadde heile tida vore å tilsikre at produktet/leveransen skulle oppfylle oppdragsgivaren sine funksjonskrav, altså i utgangspunktet ein rettkomen intensjon og eit legitimt formål for anskaffinga. Ein kan hevde at det oppsto rimeleg tvil om utformingane.

I denne situasjonen synest rådmannen i denne saka å ha gått forsvarleg fram ved å søkje råd hjå det presumptivt kompetente fagmiljøet som sto til rådvelde i samsvar med den rammeavtalen om tenestekjøp som Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre inngjekk i 2017.

Det er difor naturleg å trekke den slutning at der på det grunnlaget som no ligg føre ikkje vil vere grunn til nemneverdig kritikk mot kommunen sin administrasjon for den feilen som vart begått.

Om det ligg føre grunnlag, t.d. med vising til Kofa-avgjerd 98/2010, for at kommunen kan gjere ansvar gjeldande mot Odin Prosjekt AS, evt. eit forsikringsselskap, som følgje av mangelfull rådgjeving, ligg utanfor ramma av det kontrollutvalet bør undersøkje. Dei aktuelle partane vil her venteleg vere bunden av rammeavtalen frå 2017. Det vert elles vist til drøfting ovanfor.

## **8. Oppsummering**

1. Sula kommune synest å vere lite å leggje til last for at kunngjort konkurranse om rammeavtale måtte avlysast.  
Det var avgjerande at kommunen mellom anna bygde på faglege råd innhenta utanfrå.
2. På grunn av mangelfull intern oppfølging av avrop vart anslått verdi av rammeavtale overskriden. Dette førde til at pliktig kunngjering av anskaffingar vart forsømt.  
Dette skuldast mangel på rutinar som kunne fanga opp lova sitt krav til kunngjering av anskaffingane, samstundes som den interne kontrollen svikta.
3. For framtida bør det igongsetjast nødvendige internkontrolltiltak knytt til etterleving, kvalitetssikring og oppfølging av dei nye kontrollrutinane på innkjøpsområdet.

## **9. Uttale etter kommunelova § 23-5**

Sekretariatet si saksutgreiing med vedlegg vart den 11.02.2020 oversend rådmannen i Sula for uttale.

Administrasjonen i kommunen har den 17.02.2020 gitt melding til sekretariatet om at rådmannen ikkje har merknader til sekretariatet si saksutgreiing og forslag til vedtak. Eit par påpeikte skrivefeil er elles innarbeidde i saka.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar

Kjetil Kvammen  
juridisk rådgjevar

VEDLEGG

## Innhald

1.	Forslag til vedtak .....	1
2.	Bakgrunn for saka, kontrollutvalet sine vedtak .....	1
2.1.	Møte 09.01.2020 i kontrollutvalet .....	2
2.2.	Tidlegare handsaming i kontrollutvalet .....	2
3.	Regelverket – særleg om rammeavtalar, avrop og terskelverdiar .....	2
3.1.	Utfordringane .....	2
3.2.	Rammeavtalar – ikkje ein eigen anskaffingsprosedyre, men ei kontraktstype .....	3
3.3.	Berekning av anskaffinga sin anslåtte verdi .....	3
3.4.	Kva for forskrift som gjeld .....	4
4.	System, rutinar og samarbeid på innkjøpssektoren .....	4
4.1.	Innkjøpspolitikk – felles retningslinjer .....	4
4.2.	Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre .....	5
4.3.	Samarbeidsavtale med Ålesund kommune .....	5
4.4.	Innkjøpssamarbeidet sin rammeavtale med Odin Prosjekt AS .....	6
4.5.	Intern organisering av innkjøpsfunksjonen i kommunen, kompetanse .....	6
4.6.	Spørsmål om interne skriftlege rutinar på området .....	6
4.7.	Internkontroll etter kommunelova .....	7
4.8.	Rapportering til kommunestyret om internkontroll .....	8
4.9.	Dataverkty .....	8
5.	Overskriding av anslått verdi – manglande kunngjering av konkurranse .....	8
5.1.	Omsetnadsutvikling i høve til verdirammer .....	9
5.2.	Ulovleg direkte anskaffing - omgrep .....	10
5.3.	Ulike moment i spørsmålet om direkte ulovleg anskaffing .....	11
6.	Feil utforming av konkurransegrunnlag – brot på grunnleggjande prinsipp .....	11
6.1.	Bakgrunn .....	11
6.2.	Kunngjeringa .....	12
6.3.	Den rettslege behandlinga .....	13
6.4.	Avlysinga av konkurransen .....	13
6.2.	Nærare om avtaleforholdet med Odin Prosjekt AS .....	13
7.	Synspunkt på årsakene til svikten som førde til avlysing .....	14
7.1.	Avlysingsgrunnane .....	14
7.2.	I kva grad plikta til avlysing kunne forutsjåast .....	14

7.3. Kofa-avgjerd 98/2010 .....	14
7.4. Synspunkt ved etterfølgjande kontroll – spørsmål om kritikk av kommunen.....	15
7.4.1. I saka om overskriding av verdirammer – manglande kunngjering .....	15
7.4.2. I saka om avlysing – omsyn som talar mot kritikk av kommunen sin handlemåte.....	15
8. Oppsummering .....	16

Oversendt ledergruppen 26. februar 2019 for vurdering/godkjenning. Godkjent av rådmannen og sendt ut til de ansvarlige for avtaler i etterkant. Dokumentet opplyst å være ferdigstilt 04. mars 2019

### RUTINER FOR KONTROLL AV INNKJØP OG INNKJØPSAVTALER

DRIFTSEININGANE	ANSVARLEG	KOMMENTARER
Det må heile tida passast på at alle innkjøp har avtaler som er innanfor innkjøpsreglementet.	Driftseiningsleiar	
Det må passast på at alle innkjøp er av ein slik størrelse at dei ikkje går utover rammeavtalane. Går dei utover rammeavtalane må dei stansast og nye avtaler vert inngått.	Driftseiningsleiar	Det er viktig med god kommunikasjon mellom driftseining og innkjøp, dersom eininga ser at verdien på kjøpa blir høgare enn skissert i anbodet.
Det må passast på at innkjøp ikkje er i strid med rammeavtalane, dvs. bruke leverandørane til oppgåver som ikkje er innanfor avtalane eller bruke andre leverandører enn dei vi har avtale med.	Driftseiningsleiar	Dersom drifteingane er usikker på kva avtalen dekkar bør dette takast opp med innkjøp.
Nødvendige kjøp som er i strid med rammeavtaler må dokumenterast skriftleg i Acos.	Driftseiningsleiar	

ØKONOMI	ANSVARLEG	KOMMENTARER
Frå medio 2018 ligg alle nye rammeavtaler i programmet Tendsign KGV og det vert varsla 6 månader før avtalene går ut.	Innkjøpskonsulent	Det er ikke mulig å få varsel på gamle avtaler. Her må vi lage et rekneark for oppfølging.
Varselet vert straks vidaresendt til driftseiningsleiar, kommunalsjef og rådmann. Varselet skal vere skriftleg.	Innkjøpskonsulent	Det vil bli oppretta ei sak i Acos for intern kommunikasjon i innkjøpsprosessen.
Kvar månad skal det takast ut lister over leverandørkjøp dei 3 siste åra. Finn ein kjøp utan avtale, kjøp utover avtale eller ein ser at det kan vere fare for kjøp utover avtalen skal driftseiningsleiar, kommunalsjef og rådmann varslast skriftleg.  Listene skal også sendast til teknisk og eigedom.	Innkjøpskonsulent	Dette er svært arbeidskrevjande , men det er nok naudsynt å prioritere dette arbeidet meir enn tidlegare. Ein slik gjennomgang vil i dei fleste høve ikkje avsløre feil før dei er gjort, men ein får då stansa ytterlegare innkjøp. Det er spesielt vanskeleg i dei høve ein har ein kombinasjon av kjøp etter rammeavtale og avtale på enkelt prosjekt.



**Rutiner når driftseiningane kjøper inn på eigenhand:**

<b>DRIFTSEININGANE</b>	<b>ANSVARLEG</b>	<b>KOMMENTARER</b>
Strørre innkjøp skal registrerast i KGV. Det må legges inn varsel dersom dette er ein rammeavtale.	Driftseiningsleiar	Kjøp over nasjonalterskelverdi.
Mindre innkjøp, all korrespondanse skal arkiverast saman med ein innkjøpsprotokoll.	Driftseiningsleiar	Med mindre innkjøp er kjøp under nasjonalterskelverdi. Ein skal alltid ha ein konkurranse med minimum tre tilbydar. Dersom berre ein tilbydar vert spurt må ein argumentere for dette i eit notat. Er ein usikker – ta kontakt med innkjøp.

						Innkjøps- samarbeidet med Ålesund kommune/ Oslo kommune
<b>Eigedom og park</b>	<b>Avtalepart</b>	<b>Type avtale</b>	<b>Tidsrom for avtale:</b>	<b>Sula kommune</b>		
Anbud - Maler arbeid	Malermester Bjørnøy AS	Rammeavtale	01.06.2019 - 31.05.2021	x		
Anbud - Maler arbeid	Byggmeister Inge Kolås as	Rammeavtale	01.06.2019 - 31.05.2021	x		
Anbud - Maler arbeid	Malermester Roy-Magne Sunde	Rammeavtale	01.06.2019 - 31.05.2021	x		
Anbud - Reinholdstenester for kommunale bygg	Green Services AS	Rammeavtale	02.09.2019 - 31.08.2021	x		
Byggevare - rammeavtale	Holen Bygg AS	Rammeavtale	01.01.2020 - 31.12.2021	x		
Rørleggertjenester - Rammeavtale - leverandør nr. 1	Valderhaug rørhandel AS	Rammeavtale	15.06.2018-15.06.2020	x		
Rørleggertjenester - Rammeavtale - leverandør nr. 2	VVS teknikk AS	Rammeavtale	15.06.2018-15.06.2020	x		
Rørleggertjenester - Rammeavtale - leverandør nr. 3	Bravida Norge AS	Rammeavtale	15.06.2018-15.06.2020	x		
Betong og mur	Åsegård AS	Rammeavtale	01.02.2020-31.01.2022	x		
Elektrikertjenester rammeavtale - leverandør nr. 1	HM elektro	Rammeavtale	01.12.2018-01.12.2020	x		
Elektrikertjenester rammeavtale - leverandør nr. 2	Zenith Elektro	Rammeavtale	01.12.2018-01.12.2021	x		
Elektrikertjenester rammeavtale - leverandør nr. 3	EI24 Enlsko	Rammeavtale	01.12.2018-01.12.2022	x		
Snekker tjenester leverandør nr. 1 (konkurs)	Johnsen bygg AS	Rammeavtale	15.06.2018-14.06.2019	x		
Snekker tjenester leverandør nr. 2.	Byggmeister Frode Even Sunde	Rammeavtale	15.06.2018-14.06.2020	x		
Snekker tjenester leverandør nr. 3	K- Nordang (PE AB)	Rammeavtale	15.06.2018-14.06.2020	x		
Anskaffelser - Vedlikehold av kommunale grasspenser	Sula Bedriftstjeneste AS	Rammeavtale	01.05.2019 - 30.04.2021	x		
Anbud - Reinholdstenester for kommunale bygg	Green Services AS	Rammeavtale	02.09.2019 - 31.08.2021	x		
Anskaffelse - porteføljeforvaltning elektrisk kraft 2017	LOS AS	Rammeavtale	01.01.2018 - 31.12.2020			
Ventilasjon - service - rammeavtale	Løpet av våren			x		
Systemvegger - rammeavtale	Løpet av våren			x		
Heis vedlikehold - rammeavtale	Løpet av våren			x		
Taktekker - rammeavtale	Løpet av våren			x		
Container / leie og henting						
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Rikshelm Consulting AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	CONPLAN AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Art Arkitekt og Ingeniør AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	AG Plan og Arkitektur AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Harald Hjelte Arkitekter AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Byggeledelse Norge AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Tømmerdal Consult	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	XPRO AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Brannrådgivning Kåvenes & Sundene	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	WSP Norge AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Slyngstad Aamild Arkitekter AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Streken AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Firesafe AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Firesafe AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Nordplan AS avd. Ålesund	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Norconsult AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Rambøll Norge AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Kvalund Ingeniør AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Asplan Viak AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Kibsgaard-Petersen AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Ose Ingeniørkontor AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Byggeteknisk anlegg, 2016	Tegn3 AS	Rammeavtale	29.08.2016 - 29.08.2020		X	
<b>Barn og oppvekst</b>						
Anbud på leige/leasing av iPad m/utstyr	Eplehuset Norge as	Rammeavtale	15.09.2018 - 15.09.2021	x		
Juridiske tjenester Innan barnevern	Advokatfirmaet Øverbø Gjørtz AS	Rammeavtale	01.06.2019 - 31.05.2021	x		
Rammeavtale transport --- barn og unge	Sula rutelag AS	Rammeavtale	01.08.2018-31.07.2021	x		
Anskaffelse - Leker og formingsmaterieill 2016	Av form	Rammeavtale	22.11.2016 - 21.11.2020			
Anskaffelse - Skolebøker og lærematerieill BS Undervisning AS	Bs undervisning	Rammeavtale	04.07.2018 - 03.07.2020		X	
Anskaffelse - Møbler til barnehage og SFO, 2015	GRANDE INTERIØR AS	Rammeavtale	15.03.2016 - 15.03.2020		X	
Anskaffelse - Skolemøbler, 2015	GRANDE INTERIØR AS	Rammeavtale	31.01.2016 - 30.04.2020		X	
<b>Helse</b>						
Apotekarvare/medikament Inkl. multidose	Apotek 1 Gruppen AS	Rammeavtale	01.01.2020 - 31.12.2021	x		
Anbud på transport av eldre og uføre	Turbilane AS	Rammeavtale	01.05.2019 - 30.04.2021	x		
Anskaffelse - Medisinske forbruksvarer, 2017	OneMed AS	Rammeavtale	15.09.2017 - 14.09.2020			
Reinhold av tøy og leige av arbeidsklær	Tidligere rammeavtale utgått - ny blir utarbeidet - våren 2020			x		
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Smart Bemanning AS	Rammeavtale	26.04.2016 - 25.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Adecco Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	AMBIO Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Sele AS (tidl.Orange Service AS)	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Manpower AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Konstall Helsenor AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Vacant Helse AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Centric Care AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
Anskaffelse - Vikartjenester til helse- og omsorgssektoren, 2016	Accurate Care AS	Rammeavtale	25.04.2016 - 24.04.2020		X	
<b>Teknisk</b>						



Rammeavtale for grus og pukk	Er utlyst på TED og Doffin	Rammeavtale	15.04.2020 - 14.4.2022	x		
Rammeavtale grunnentreprenør drift og mindre investering	Blir utlyst slutten av februar	Rammeavtale				
Grunnentreprenør - midlertidig avtale	Hole Maskiner AS	Avtale	06.01.2020 - 03.02.2020	x		
Kantslått og skogling	Tidligere rammeavtale utgått - ny blir utarbeidet - våren 2020			x		
Vintervedlikehold Ytre - rammeavtale	Motorsenteret	Rammeavtale	15.10.2018-01.10.2020	x		
Vintervedlikehold Indre - rammeavtale - trekt seg fra avtale	Sunnmøre Maskin	Rammeavtale	15.10.2018-01.10.2020	x		
Vintervedlikehold parkeringsplasser og andre områder - rammeavtale	Henrik Krogstad	Rammeavtale	15.10.2018-01.10.2020	x		
Vintervedlikehold Indre - rammeavtale	Byra Entreprenør	Rammeavtale	01.10.2019-01.05.2020	x		
Anskaffelse - Avfallsbrønner, ÅRIM, 2018	Strømbergs plast AS	Rammeavtale	01.10.2018 - 30.09.2020		X	
Anskaffelse - Spyling og tømming av avløpsanlegg, 2017	Norva24 Vest AS	Rammeavtale	04.06.2018 - 03.06.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Safe Control. Engineering AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	HR Prosjekt AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Rambøll Norge AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Sweco Norge AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	ServiTech AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Nordplan AS avd. Ålesund	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Norconsult AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Asplan Vlak AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	AG Plan og Arkitektur AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	Per Mulvik AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Rådgivningstjenester Kommunalteknisk anlegg, 2016	ÅF Reinertsen AS	Rammeavtale	03.05.2016 - 03.05.2020		X	
Anskaffelse - Asfalt, 2019	NCC INDUSTRY AS	Rammeavtale	26.06.2019 - 28.02.2021		X	
Anskaffelse - Vei salt 2017	Mesta AS	Rammeavtale	13.11.2017 - 12.11.2020		X	
<b>Andre områder</b>						
Rammeavtale Innskytning av fiber i trekkerør	HM elektro	Rammeavtale	01.05.2018-30.04.2020	x		
Juridiske tenester - rammeavtale	Arbeid påbegynt			x		
Elektronisk kjørebok og GPS-sporing	I løpet året			x		
Service på biler - rammeavtale	I løpet av året			x		
Anskaffelse - Banktjenester 2016	SpareBank 1 SMN	Rammeavtale	01.04.2017 - 31.03.2020		x	
Anskaffelse - Forsikringsmegling, 2015	Waco Forsikringsmegling AS	Rammeavtale	29.02.2016 - 28.02.2020		x	
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2)	Innkjøpskontoret AS	Rammeavtale	03.02.2017 - 02.02.2021		X	
- Rang 2 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand						
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2)	Odin Prosjekt AS	Rammeavtale	01.02.2017 - 31.01.2021		X	
- Rang 1 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand						
Anskaffelse - Innkjøpsbistand, 2016 (2)	Inventura AS	Rammeavtale	22.02.2017 - 21.02.2021		X	
- Rang 3 i rammeavtalegruppe Innkjøpsbistand						
Anskaffelse - konsulenttjenester for utarbeidelse og føring av selvkostregnskap	Envidan Momentum AS	Rammeavtale	23.01.2019 - 31.12.2021		X	
Oppfølging og kontroll i offentlige kontrakter		Rammeavtale	19.11.2019 - 18.11.2021			x
Sula kommune må kjøre mnlkorransse, KPMG, Deloitte, BDO, PWC, før vi kan ta den i bruk						
Anskaffelse - Drivstoff og fyringsolje i bulk samt småreprodukter, 2017	Bunker Oil AS	Rammeavtale	01.06.2017 - 31.05.2020		X	
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Brages Bilforretning as	Rammeavtale	28.10.2015 - 30.04.2020		X	
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Møller Bil Ålesund as	Rammeavtale	12.11.2015 - 30.04.2020		X	
Anskaffelse - Personbiler, 2015 (3)	Rutebillelernes Standardisering AS	Rammeavtale	28.10.2015 - 30.04.2020		X	
Anskaffelse - Varebiler (Nordre Sunnmøre), 2016	Bertel O. Steen Møre og Romsdal AS	Rammeavtale	08.01.2017 - 07.01.2021		X	
Anskaffelse - Varebiler (Nordre Sunnmøre), 2016	Møller Bil Ålesund as	Rammeavtale	08.01.2017 - 07.01.2021		X	
Anskaffelse - Varebiler (Nordre Sunnmøre), 2016	Vestlandske Auto AS	Rammeavtale	08.01.2017 - 07.01.2021		X	
Anskaffelse - Drivstoff og fyringsolje i bulk samt småreprodukter, 2017	Bunker Oil AS	Rammeavtale	01.06.2017 - 31.05.2020		X	
Anskaffelse - Kopipapir, kontor-, og datarekvisita, toner, blekk og fritt skolemateriell, 2017	Ødegaard Engros AS	Rammeavtale	08.09.2017 - 07.09.2020		X	
Anskaffelse - Kontormøbler, 2017	EFG Hov + Dokka AS	Rammeavtale	13.11.2017 - 12.11.2020		X	
Anskaffelse - Kontorstoler, 2016	Haugen Kontorforum as	Rammeavtale	08.01.2017 - 07.01.2021		X	
Anskaffelse - Hotellavtale (med flere leverandører), 2016 (MRFK)	Scandic Hotels AS	Rammeavtale	01.09.2016 - 31.08.2020		X	
Anskaffelse - Reisebyråtjenester, 2019	Berg-Hansen Nordvest AS	Rammeavtale	06.01.2020 - 05.01.2022		X	
Anskaffelse - Tolketjenester (3)	TolkeNett AS	Rammeavtale	15.04.2019 - 14.04.2021		X	
Anskaffelse - Tolketjenester (3)	Norcom Nord AS	Rammeavtale	15.04.2019 - 14.04.2021		X	
Anskaffelse - kontrolltjeneste i henhold til alkoholoven, 2016	Securitas AS	Rammeavtale	01.06.2016 - 30.05.2020		X	
<b>IT</b>						
Anskaffelse - Aksesspunkt til trådløst nettverk i e-kommune Sunnmøre 2018	Atea AS	Rammeavtale	18.12.2018 - 17.12.2020		X	
Anskaffelse - Kjøp av nettverksswitcher, 2018	Atea AS	Rammeavtale	17.12.2018 - 17.12.2020		X	
Anskaffelse - Kjøp og leasing av nettbrett, 2019 (2)	Atea AS	Rammeavtale	10.07.2019 - 10.07.2020		X	
Anskaffelse - Multifunksjonsmaskiner, 2015	Sharp Business Systems Norge AS	Rammeavtale	27.02.2016 - 31.05.2020		X	
Anskaffelse - PC 2017	Atea AS	Rammeavtale	18.12.2017 - 17.12.2020		X	
Anskaffelse - Responstjeneste	Alarmsentralen 110 Telemark	Rammeavtale	14.01.2019 - 13.01.2021		X	
Anskaffelse - Servere, 2018	Dustin Norway AS	Rammeavtale	21.12.2018 - 20.12.2020		X	
Anskaffelse - Servicedesk-system, 2018	INLEAD AS	Avtale	22.03.2019 - 22.03.2022		X	
Anskaffelse - Telefontjenester, 2017 (avtale Inngått av andre)	Telenor Norge AS	Rammeavtale	15.05.2017 - 14.05.2021		X	
Anskaffelse - Trygghetspakke Velferdsteknologi	Atea AS	Rammeavtale	15.05.2018 - 14.05.2020		X	
Anskaffelse - Skole- og barnehageadministrativt system, 2015	IST AS	Avtale	08.10.2015 - 08.10.2020		X	
Prekvalifisering - Pasientvarslingsanlegg, 2016	Atea AS	Rammeavtale	01.04.2017 - 31.03.2020		X	
<b>Mat</b>						
Anskaffelse - Frukt og grønnsaker, 2019	Bama Storkjøkken AS	Rammeavtale	01.10.2019 - 30.09.2021		X	
Anskaffelse - Matvarer, 2019	Servicegrossistene AS	Rammeavtale	26.08.2019 - 25.08.2021		X	
Kjøtt og Kjøttvarer, 2018	Nortura	Rammeavtale	11.01.2018 - 10.01.2021		X	



advokat Kjetil Kvammen

Vår ref.:  
20/3166

Saksbeh.:  
JAGE

Ark.:  
K1-601, K2-J02

Dykkar ref.:

Dato:  
31.01.2020

## Svar til spørsmål - spørsmålsnotat av 27. januar 2020

Vi viser til epost av 27. januar 2020 med vedlagt spørsmålsnotat og kan gje følgende svar og informasjon:

### 1. Spørsmål:

Omfang: Vennligst send meg en oversikt over de rammeavtaler kommunen hadde pr. desember 2019.

Vårt svar:

Vedlegg 1. viser oversikt over avtaler Sula kommune hadde pr. desember 2019. Oversikten viser også hvilke avtaler som er rammeavtaler.

### 2. Spørsmål:

Kompetanse: Hvordan er intern kompetanse omkring off. anskaffelser de senere år bygget opp og vedlikeholdt? Er det spesielle områder som har hatt fokus?

Vårt svar:

Intern kompetanse hos ansatte som har oppgaver og ansvar knyttet til offentlige anskaffelser er generelt bygd opp og vedlikeholdt gjennom deltagelse på fagdagar og kurs i tillegg til kunnskap hver enkelt har tilegnet seg i egen regi. Når det gjelder fagdagar har innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune arrangert slike årlig. I forhold til kurs er det i hovudsak snakk om kortere kurs (1 – 2 dager) i regi av eksterne arrangører som for eksempel Tekna.

Fokus har vært rettet mot generell oppdatering av kunnskap om endringer i lovverk, forberedelse/gjennomføring av konkurranser og bruk av rammeavtaler (fagdager/informasjonsmøter i regi av innkjøpssamarbeidet med Ålesund kommune).

### 3. Spørsmål:

Hva var det viktigste skriftlige beregningsgrunnlaget, dersom Sula kommune vil hevde at kr. 32 mill. (8x4) på kunngjøringstidspunktet i 2015 var en forsvarlig (dvs. «etter beste skjønn») vurdering av anskaffelsens verdi ?

Vårt svar:

Grunnlaget for vurdering av anskaffingsverdi for konkurranse om rammeavtale om maskinleige i 2015 var budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018. Det lå som en forutsetning at større enkeltinvesteringer knyttet til for eksempel nytt renseanlegg og overføringsanlegg skulle gjennomføres etter separate konkurranser. Disse investeringene har blitt utsatt i tid og forklarer til dels avvikene mellom forutsetningene i konkurransen fra 2015 og bruken av rammeavtalen i etterkant. Innsatsen mot andre prioriterte oppgaver i kommunedelplan for avløp har derfor vært større enn planlagt. Dette gjelder for eksempel separering av overvann og fjerning av direkteutslipp.

#### 4. Spørsmål

- hvilke skriftlige rutiner (om slike forelå) var det som slo feil når summen av alle avropene etter hvert gikk vesentlig utover rammeavtalens verdi, uten at dette ble rettet opp i tide ?

Vårt svar:

Skriftlige rutinar for oppfølging av samlet kjøp over rammeavtaler forelå ikke før 2019.

#### 5. Spørsmål:

Etter tilbudsgrunnlaget av 14.04.2015 (side 2 av 7) skal «Alle oppdrag etter avtalen ..skje med bestillingsskjema frå prosjektansvarleg i PBD eininga».

Kan det bekreftes at denne rutinen har vært fulgt ?

Vårt svar:

Det foreligger bestillingsskjema for enkeltprosjekt i avtaleårene 2015 – 2019 som følgende:

År	Internt prosjektnummer	Prosjektomtale	Vedleggsnr.
2015	I6060	Revidering av trykksone Vasskummen	2
2015	I6040	Karlsbakken	3
2015	I6058	Rabbneset	4
2016	I6077	Sloghaugvegen-rådhuset	5
2016	I6072	Fortau Nedre Råsa	6
2016	I6082	Djupedalen-Skoggjerdet	7
2018	I6114	Indre Sula gravlund	8

Rutinen har slik vært delvis fulgt opp. Kopi av bestillingsskjema ligger som vedlegg nr. 2 – 8.

#### 6. Spørsmål:

Hadde kommunen fra 2015 rutiner som innebærer at man til enhver tid har oversikt over totalbruken av rammeavtaler ?

Vårt svar:

Skriftlige rutiner for oppfølging av totalbruk ble innført i 2019. Før 2019 hadde hver enkelt budsjett/prosjektansvarlig ansvar for oppfølging av avtaler/rammeavtaler.

#### 7. Spørsmål:

Jeg ber om å få bekreftet at alle avrop på den aktuelle rammeavtalen av 2015 er gjort skriftlig.

Vårt svar:

Vi viser til vårt svar under spørsmål 5.

**8. Spørsmål:**

Hadde kommunen skriftlige rutiner som ga anvisning på hvordan kommunens fagenhet/etat skulle forholde seg når anslått verdi økte,  
- utover rammeavtalens omfang  
- utover lovens terskelverdi?

Vårt svar:

Skriftlige rutiner for oppfølging av rammeavtaler ble innført i 2019.

**9. Spørsmål:**

Etter 01.06.2017 gjaldt rammeavtalen bare i 1 + 1 år dersom opsjonen ble benyttet.  
- foreligger det særskilt dokumentasjon for hvordan opsjonen om forlengelse ble meddelt benyttet og hvilke vurderinger som da ble gjort i kommunen?

Vårt svar:

Meddelelse til partene om å nytte opsjon i 2017 og 2018 ble gjort i form av skriftlig melding. Kopi av brev ligger ved (vedlegg nr. 9 - 14). Det foreligger ikke skriftlig dokumentasjon på vurderinger ut over nevnte brev til partene.

**10. Spørsmål:**

Det heter i nevnte tilbudsgrunnlag (side 3 av 7) at «Ved vesentlige endringer i det totale omfanget, vil oppdragsgivar måtte gjennomføre ein ny konkurranse».  
Ble dette vurdert eller ble det vurdert å benytte kommunens rett til oppsigelse av avtalen med 6 måneders frist?

Vårt svar:

Vi viser til vårt svar under punkt 9. i forhold til skriftlig dokumentasjon. Vurderingen som ble gjort ut fra erfaringene med leveranser fra 1. og 2. kontraktsår tilsa imidlertid å nytte opsjoner og kommer til uttrykk ved meddelsene til partene.

**11. Spørsmål:**

Hadde overskridelsene noen praktisk effekt ? Med det menes :  
Ville tilbudene, etter kommunens vurdering i dag, ha vært flere eller bedre (dvs. markedets respons på kunngjøringen), dersom rammeavtalens virkelige omfang var kjent fra starten?

Vårt svar:

Det er vanskelig i ettertid å gi en vurdering av om økt verdiramme for kunngjøring i 2015 ville resultert i flere tilbud, men interessen for konkurransen som er gjennomført i 2019 tilsier ikke noen vesentlig endring.

**12. Spørsmål:**

Dokumentet er udatert og jeg ber opplyst når det første gang ble tatt i bruk i kommunen.

Vårt svar:

Dokumentet ble sendt til ledergruppen for vurdering/godkjenning 26. februar 2019. Rutinen ble godkjent av rådmannen og sendt ut til de ansvarlige for avtaler i etterkant.

**13. Spørsmål:**

Jeg ber opplyst hvordan implementeringen av disse rutinene har foregått, med tanke på spørsmålet om en slik prosess har vært tilstrekkelig klar overfor de aktuelle.

Vårt svar:

Rutinen er lagt inn i kommunens kvalitetssystem, Risk Manager, i tillegg til direkte distribusjon og orienteringer i mellomledergruppe.

**14. Spørsmål:**

Det er samtidig naturlig å be opplyst om det eksisterer internkontrollrutiner som var ment å fange opp hvordan rutinen etterlevs etter implementeringen.

Vårt svar:

Vi oppfatter spørsmålet slik at det etterspørres om det er utarbeidet skriftlig rutine for internrevisjon av internkontrollrutine for bruk av rammeavtaler. Internkontrollrutine for bruk av rammeavtaler ble etablert i 2019 og følges opp med månedlige rapporter. Denne faste oppfølgingen fungerer som internkontroll på at rutinen følges.

**15. Spørsmål:**

Jeg ber om å få tilsendt den første lista som i medhold av denne retningslinjen ble tatt ut «over leverandørkjøp dei 3 siste åra».

Vårt svar:

Liste med leverandørstatistikk fra 20. mars 2019 følger i vedlegg 15.

**16. Spørsmål:**

Vennligst send meg kopi av andre (eller tidligere versjon av) rutiner som eventuelt har vært på plass i tiden 01.06.2015 – 01.06.2019 som dekker rammeavtaler.

Vårt svar:

Det foreligger ikke skriftlige internkontrollrutiner for oppfølging av rammeavtaler før 2019.

Med helsing

Jørn Agersborg  
Kommunalsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

**Vedlegg:**

<b>Dato</b>	<b>Tittel</b>
03.02.2020	Vedlegg 1 - Oversikt avtaler
04.02.2020	Vedlegg nr Leverandørstatistikk 2017-2019 - pr 20_03_2019
05.02.2020	Vedlegg 2 Bestillingsskjema - nr 6060
05.02.2020	Vedlegg 3 Bestillingsskjema - nr 6040
05.02.2020	Vedlegg 4 Bestillingsskjema - nr 6058
05.02.2020	Vedlegg 5 Bestillingsskjema - nr 6077
05.02.2020	Vedlegg 6 Bestillingsskjema - nr 6072
05.02.2020	Vedlegg 7a Bestillingsskjema - nr 6082
05.02.2020	Vedlegg 7b Bestillingsskjema - nr 6082 - tillegg
05.02.2020	Vedlegg 8 Bestillingsskjema - nr 6079
05.02.2020	Vedlegg 9 Hole Maskin AS 2017-2018
05.02.2020	Vedlegg 10 Hole Maskin AS 2018-2019
05.02.2020	Vedlegg 11 Lindset Entreprenør 2017-2018
05.02.2020	Vedlegg 12 Lindset Entreprenør 2018-2019
05.02.2020	Vedlegg 13 Svinø Entreprenør AS 2017-2018
05.02.2020	Svinø Entreprenør AS 2018-2019

**Kopi til:**

Britt Jorunn Blindheim	Økonomisjef
Leon Aurdal	Rådmann
Per-Arne Christensen	Kontrollar
Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat	v/ Bjørn Tømmerdal



SULA KOMMUNE

## INNKJØSPOLITIKK – FELLES RETNINGSLINJER

Vedtatt av kommunestyret i møte 03.05.2018

# Innkjøpspolitikk – felles retningslinjer

---

## **§ 1. Formål**

Sula kommunes innkjøpspolitikk skal sikre ei felles overordna tenking og åtferd når kommunen sine verksemdar skal kjøpe inn varer og tenester eller inngå bygge- og anleggskontraktar. Dette skal føre til at kommunen ved alle innkjøp opptrer med stor integritet og tek vare på sitt samfunnsansvar samtidig som innkjøpa er kostnadseffektive og i tråd med gjeldande lov- og regelverk.

Retningslinjene skal rullerast ved oppstart av ny kommunestyreperiode.

## **§ 2. Interkommunalt innkjøpssamarbeid**

Sula kommune skal delta i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre i følge eigen avtale mellom kommunen og Ålesund kommune. Sula kommune skal stå fritt til å delta i den enkelte konkurransen som blir gjennomført i regi av innkjøpssamarbeidet. Kommunane i innkjøpssamarbeidet skal ha tilnærma lik innkjøpspolitikk, slik at innkjøpa skal kunne gjennomførast i tråd med innkjøpspolitikken til alle kommunane som deltek i samarbeidet.

## **§ 3. Ansvar og fullmakter**

### **§ 3.1 Rådmann/dagleg leiar**

Rådmannen har overordna ansvar og fullmakt til å inngå kontrakt ved alle typar innkjøp i kommunen. For kommunale føretak (KF) har dagleg leiar tilsvarande ansvar og fullmakt.

Kommunens delegeringsreglement avgjer om rådmannen/dagleg leiar kan vidaredelegere innkjøpsansvar til andre.

### **§ 3.2 Verksemdleiar/einingsleiar/dagleg leiar**

Verksemdleiar/einingsleiar/daglig leiar har fullmakt til å kjøpe inn varer og tenester innanfor den enkelte verksemda sitt budsjett. Alle innkjøp skal skje i tråd med kommunen sine rammeavtarar og etter retningslinjer utarbeidd av rådmannen og dagleg leiar. Tilsette skal tilstrebe å bruke Sula kommune sitt innkjøpssystem der det er mogleg.

## **§ 4. Overordna politiske målsettingar**

### **§ 4.1 Konkurransen**

Alle innkjøp, med mindre innkjøpet er av uvesentlig karakter, skal være basert på konkurranse og gjennomførast i samsvar med god forretningsskikk. Dette er uavhengig av kva for kjøpsprosedyre som blir valt.

### **§ 4.2 Like vilkår**

Alle leverandørar, med mindre innkjøpet er av uvesentlig karakter, skal ha like vilkår til å konkurrere om leveransar til kommunen. Konkurransar skal gjennomførast på ein måte som inneberer lik behandling av leverandørar, og med same tilgjenge for alle leverandørar til å bli kjent med forhold som blir vektlagt ved tildeling av kontrakt.

### **§ 4.3 Dokumentasjon**

Ved innkjøp med krav til protokollplikt etter forskrift til Lov om Offentlige anskaffelser, skal det utarbeidast fortløpande skriftleg dokumentasjon. Dette skal sikre at vurderingar som er gjort i samband med innkjøpet er tilgjengeleg for deltakarane i konkurransen, eventuelle klageorgan, og for andre interesserte.



## **§ 5. Samfunnsansvar**

### **§ 5.1 Miljø**

Ved kjøp av varer og tenester skal det stillast miljøkrav så langt dette er forsvarleg utifrå eksisterande marknad.

### **§ 5.2 Etske og sosiale retningslinjer**

Kommunen forvaltar fellesskapets ressursar og har eit ansvar for å kjøpe varer og tenester som er produsert på en lovleg og etisk forsvarleg måte. Alle kjøp skal avspegle at kommunen tek samfunnsansvar.

Ved nye anbod skal det krevjast at leverandøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følger av ein kvar tid gjeldande tariffavtale. Tilbyder skal legge ved stadfesting på at bestemmelsene i forskrift av 2008 nr 112 om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontraktar blir følgt. Tilbydar som ikkje kan vedlegge slik stadfesting vil bli avvist.

Alle som gjer innkjøp for kommunen skal opptre med stor integritet og ikkje ta mot nokon form for gåve, provisjon, teneste eller anna yting som er eigna til, eller meint, å påverke val som tilsette må gjere i samband med innkjøp til kommunen.

Dersom tilsette i kommunen inngår kontrakt om oppdrag for kommunen, skal rådmannen varslast skriftleg snarast råd og seinast før kontrakt blir skrive.

### **§ 5.3 Universell utforming**

Kommunen skal gjennom sine innkjøp legge til rette for at alle skal kunne nytte seg av varen, tenesta, bygningen eller omgivnaden.

### **§ 5.4 Leverandørutvikling**

Alle som står for innkjøp i kommunen skal ha ein open og god dialog med sine leverandørar for å gjere dei i stand til å vinne framtidige offentlege konkurransar.

### **§ 5.5 Reserverte kontraktar**

Det skal prioriterast å tilføre arbeid til verksemder der fleirtalet av dei tilsette er funksjonshemma. Dette gjeld for eksempel vaskeritenester, fruktordningar, kantinedrift, saum/reparasjonar, vedlikehald/ryddarbeid, pakking/utsending og transportoppdrag.

## **Sak 06/20 Bestilling av overordna analyse og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon.**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet sine oppgaver ved forvaltningsrevisjon følger av kommunelova § 23-3 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5.

Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapportar og resultatane av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

### **§ 23-3. Forvaltningsrevisjon**

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

### **VURDERING**

Kontrollutvalet skal i denne saka bestille ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap. Føremålet er å finne ut kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon. Risiko- og vesentlegvurderinga skal danne grunnlag for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, som skal vise på kva områder det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontrollutvalet skal i løpet av 2020 innstille til kommunestyret om kva plan for forvaltningsrevisjon Sula kommune skal ha denne valperioden.

Både risiko- og vesentlegvurderinga og forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan i prinsippet verte utført og førebudd av sekretariatet. Oss har ut frå ein bestillar- og utførarmodell sett føre seg følgjande arbeidsdeling mellom kontrollutval, kontrollutvalssekretariat og revisjon:

- Kontrollutvalet bestiller ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR). MRR er kommunen sin revisor og kjenner kommunen sin organisasjon gjennom sitt revisjonsarbeid.

- På bakgrunn av rapport frå risiko- og vesentlegvurderinga, utarbeider sekretariatet forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, som vert behandla av kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret på forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023. Kommunestyret vedtek planen.
- På grunnlag av vedtatt plan for forvaltningsrevisjon bestiller kontrollutvalet forvaltningsrevisjonar utført av MRR.

For at risiko- og vesentlegvurderinga skal vere eit godt verktøy for kontrollutvalet i utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, så vert det sett følgjande krav til utarbeiding av analysa:

- Som grunnlag bør bl.a. nyttast kommunale dokument og vedtak, tilgjengelege statistikkar og tilsynsrapportar. I tillegg bør det innhentast informasjon frå administrasjonssjef, tilsette, ordførar, politikarar, kontrollutval og sekretariat.
- Det bør gjennomførast dialogmøte med kontrollutvalet/sekretariatet.
- Det skal utarbeidast ei risikomatrise som identifiserer risiko og konsekvens; Høy/uakseptabel risiko, middels risiko, lav/akseptabel risiko.
- Risiko- og vesentlegvurderinga skal leverast til kontrollutvalet v/sekretariatet seinast i løpet av våren 2020

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast innafør ei ramme på inntil 100 timer.

#### **Sekretariatet si tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet i Sula bestiller frå Møre og Romsdal Revisjon SA ei risiko- og vesentlegvurdering av kommuna si verksemd og verksemd i kommunen sine selskap innafør ei ramme på inntil 100 timer.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal gjennomførast i tråd med det som kjem frem i saksframlegget.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 07/20 Årsrapport 2019 skatteopkrevjaren i Sula kommune.**

### **Bakgrunn:**

Sjå vedlagte årsrapport frå Skatteopkrevjaren i Sula. Kontrollutvalet i Sula kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon vidare sakshandsaming.


Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette. Rapporten blir også sendt kommunestyret.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsrapporten til vitande.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Årsrapport for 2019

**Skatteoppkrevjaren i  
Sula kommune**

## Innhold

1. Generelt om skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser .....	3
1.1.2 Organisering .....	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	4
1.2 Internkontroll .....	4
1.3 Skattekontorets kontroll av SKO funksjonen.....	4
2. Skatterekneskapen .....	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	4
2.2 Vurdering av skatteinntangen	
2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret .....	5
2.2.2 Kommuna sin andel av skatteinntangen i rekneskapsåret.....	5
2.3 Margin .....	5
2.3.1 Margin for inntektsåret 2018 og 2019.....	5
2.3.2 Kommentarer til marginavsetjinga .....	5
3. Innfordring av krav .....	6
3.1 Restanseutvikling.....	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav .....	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser .....	6
3.1.3 Restanser eldre år .....	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år .....	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	8
3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2019 .....	8
3.2.2 Vurdering av samheng mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3 Kontoret sine tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringa .....	8
3.3 Særmamskompetanse.....	9
4. Arbeidsgjevarkontroll .....	9

## 1. Generelt om skatteoppkrevjarkontoret i Sula

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret


#### 1.1.1 Ressursar

For 2019 er det 2 årsverk som har vore nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen, i tillegg har arbeidsgiverkontrollen 0,3 årsverk.

Ressursfordeling	Årsverk 2019
Skatterekneskap	0,2
Innfordring	1,7
Arbeidsgjevarkontroll	0,3
Administrasjon	0,1
(Skal være 100 %)	2,3

#### 1.1.2 Organisering

##### Organisasjonskart



Talet på tilsette i avdelinga er 2 stillingar/årsverk.

##### Rådgjevar:

Utgjer 1 årsverk. Til stillinga ligg m.a. dei tyngre innfordringssakene, handsaming og innstilling til skatteutvalet, søknadar etter lempingsforeskriftene, tvangssal og konkursar. Deltaking i eventuelle bustyre og kreditorutval. Til stillinga ligg også utarbeiding av årsmelding og driftsplanar, samt utarbeiding og ajourhald av rutineskildringa.

##### Konsulent:

Utgjer 1 årsverk. Til stillinga ligg m.a. ordinær innfordring inkl. utleggsforretningar, bankavstemming og informasjon til nye arbeidsgjevare.



### **Tilsette i den interkommunale gruppa for arbeidsgjevar kontroll**

Det interkommunale samarbeidet omfattar forutan Sula kommune, kommunane Ålesund, Giske, Haram, Hareid, Herøy, Norddal, Sande, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sykkylven, Ulstein, Volda, Ørskog og Ørsta.

Vi hadde ein del på 6,45% i 2019. Kravet var 14 ettersyn for 2019, men gjennomførte kontrollar vart 11 stk. Dette utgjer 4,1% av opplysningspliktige. Kravet var 5%.

### **1.1.3 Ressursar og kompetanse**

#### **Ressursar:**

Ressurssituasjonen for 2019 har vore tilfredstillande.

#### **Kompetanse:**

Begge tilsette har gjennomført vidareutdanning i regi av skatteetaten/Universitetet i Agder, Innføring av pengekrav del 1.

Dei tilsette har også deltatt i dei fleste kurs og samlingar som Skatt Midt har gjennomført, og kompetansen er derfor god ved kontoret.

### **1.2 Internkontroll**

Skatteoppkrevjarkontoret har utarbeid rutineskildring, sist oppdatert 26.03.2019.

Vi bruker også aktiv retningslinjene for dokumentasjon og oppbevaring av manuelle bilag i skatterekneskapen, utarbeid av skattedirektoratet.

### **1.3 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkreverfunksjonen**

Skattekontoret har ikkje gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverfunksjonen i 2019.

## **2. Skatterekneskapen**

Skatteoppkrevjaren sitt arbeid med skatterekneskapen inneheld rekneskapsføring, rekneskapsavlegging, handsaming av inn- og utbetalingar, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

### **2.1 Avlegging av skatterekneskapen**

#### **Avlegging av skatterekneskapen**

Skatteoppkrevjaren i Sula kommune stadfester at skatterekneskapen for 2019 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere av 8.april 2014 §3-3 nr. 2.

Årsrekneskapen for 2019 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

## 2.2 Vurdering av skatteinngangen

### 2.2.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Den totale skatteinngangen har auka frå kr. 988 661 809 i 2018 til kr. 1 052 545 913 i 2019. Dette er ein auke med kr. 63 884 104 eller 6,46% (mot 4,3% i 2018).

### 2.2.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen har auka frå kr. 225 656 889 i 2018 til kr. 242 023 687 i 2019. Dette er ein auke med kr. 16 366 798 eller 7,25% (mot 3,2% i 2018).

Sula kommune budsjetterte med ein auke på 2,65% frå 2018 til 2019 (mot 5,23% året før).

## 2.3 Margin

### 2.3.1 Margin

	per. 31.10.2019 (inntektsåret 2018)	per 31.12.2019 (inntektsåret 2019)
<b>Innestående margin</b>	<b>12 809 637</b>	<b>68 959 883</b>
<b>For mykje avsatt margin</b>	<b>12 809 625</b>	<b>0</b>
<b>For lite avsatt margin</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Prosentstatts</b>	<b>10%</b>	<b>10%</b>

### 2.3.2 Kommenterar til marginavsetninga

Sula kommune har avsatt for mykje margin for inntektsåret 2018. Kommunestyret vedtok endring i prosentsatsen i 2005 frå 8% til 10%. Det er ikkje aktuelt å endre prosentsatsen ned.

### 3. Innfordring av krav

#### 3.1 Restanseutvikling

##### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse	Herav berostilt restanse	Restanse	Herav berostilt restanse	Endring i restanse	Endring i berostilt restanse
	31.12.2019	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2018	Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
Arbeidsgjevaravgift *	1 082 357	39 405	812 257	39 402	270 100	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Finansskatt lønn	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	3 260 858	203 467	3 932 840	214 067	-671 982	-10 600
Forskuddsskatt	137 228	0	476 095	0	-338 867	0
Forskuddsskatt person	6 288 129	57 090	6 454 840	63 394	-166 711	-6 304
Forskuddstrekk *	860 645	10 085	546 969	10 085	313 676	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innfordringsinntekter	717 446	43 361	600 179	43 361	117 267	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt *	215 786	0	112 925	0	102 861	0
Restskatt person	19 817 684	1 830 092	19 395 483	1 987 367	422 201	-157 275
Tvangsmult	1 233 463	0	720 151	0	513 312	0
<b>Sum restanse pr.skatteart</b>	<b>33 613 596</b>	<b>2 183 497</b>	<b>33 051 739</b>	<b>2 357 676</b>		
Diverse krav	0	0	0	0		
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>	<b>33 613 596</b>	<b>2 183 497</b>	<b>33 051 739</b>	<b>2 357 676</b>	<b>561 857</b>	<b>-174 179</b>

##### 3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restanser

Oversikta viser auke av samla restanse med kr. 561 857,-, mot kr. 3.667.440,- i 2018. Restskatt personleg har auka med 422.201,- i 2019 mot kr. 1.684.266,- i 2018. Dette er positivt då restskatt personleg er den største restansen, og det er det vi må legge mest arbeid i. Berostilte beløp viser nedgang på kr. 174.179,-.

\*Følgjande beløp er restanse i konkursbu:

Arbeidsgjevaravgift	kr. 464.195
Skattetrekk	kr. 201.002
Forskotsskatt/restskatt firma	kr. 50.600

### Omfanget lemping av krav – ettergjevinger og betalingsavtaler

Ettergjeving	Antall debitorar	Samla beløp
Vilkår rimelighet Sktbl. §15-1	0	0
Vilkår innfordring Sktbl. § 15-2	5	14 792
Sum		
<b>Betalingsavtaler</b>	<b>Antall debitorar</b>	
Skattekontoret har godtkjent	0	
Sko har godtkjent	0	

### 3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2017	2 404 846	884 739
2016	1 544 294	552 679
2015	1 471 449	1 049 623
2014 – 19XX	21 050 555	

Av sum restanser er følgende ubetalte beløp forfalt siste året:

Restskatt, person	kr. 181 632
Forsinkingsrenter	<u>kr. 469 344</u>
Sum	<u>kr. 650 979</u>

### 3.1.4 Kommentarer til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Sula kommune har framleis mange eldre restansar. Dette er skattytare som er skjønsligna, insolvente og utau eigendelar. Dei verken vil eller kan gjere opp for seg. Dei fleste har vore personleg konkurs.

*Vi viser til delar av rutine for vanskelige og/eller gamle restansar ;*

*Vi kjører maskinell dekningskontroll med masseplanlegging minst 1 gang i året, eller kan vi ta manuell utplukk. Dersom vi finn formuegoder skal vi ta utlegg i disse. Det gjeld både lausøre, fast eigedom og bankkonti/fond/aksjar. Vi tar saldoforespørsel ved alle utleggsforreiningar, i tillegg når grunnlagsdata blir oppdatert.*

*Utleggstrekk: Vi må undersøke restsaldo på utleggstrekk med betre prioritet med jamne mellomrom. Vi må også undersøke om eksisterande trekk kan aukas.*

*Utanlandske sk.y/ nordmenn som har emigrert: Bruk Sko-utland og send bistand begjæring. Bruk gjerne adresseforespørsel til utenlandsk skattemyndighet.*

*Skattvtere med store/eldre restanser: Vi må arbeide med disse fortløpande. Vi må få sk.y på kontoret til samtale om restansene. Vi må prøve å få dei til å komme med tilbud om delbetaling, eventuell søknad om rimelighet eller søknad om gjeldsordning. Undersøk om vi kan øke eventuelle utleggstrekk.*

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2019.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2019: 1

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2019: kr. 82.626,-

## 3.2 Effektiviten av innfordringa

### 3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2019

Styringsparameter	Resultat pr. 31.12.2019	Resultatkrav Pr. 31.12.2019	Differanse
Restskatt person 2017	96,39%	95,00%	1,39%
Arbeidsgiveravgift 2018	99,84%	99,80%	0,04%
Forskuddstrekk 2018	99,93%	99,90%	0,03%
Forskuddsskatt person 2018	96,39%	98,00%	-1,61%
Restskatt for upersonlige 2017	99,81%	99,40%	0,41%
Forskuddsskatt upersonlige 2018	99,75%	99,90%	-0,15%

Vi er svært fornøyd med resultatet for 2019,

#### Kommentarer til resultatet pr. 31.12.2019:

Utskrevet forskuddsskatt personlege sky:

Dette er framleis vanskelege sky. Det er eit todelt problem, både sky som ikkje vil eller ikkje kan betale. Dette pga at dei har gått personleg konkurs eller at vi ikkje blir prioritert. Dei har ofte også restskatt over fleire år.

### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Vi har gode resultat med aktiviteter som utleggsforretningar ( 113 stk.) og utleggstrekk.

Vi kan også nevne at vi sendte ut 10 stk. varsel om konkurs, både § 62 og §63, vi sendte 3 stk. begjæring om konkurs, og 1 stk. vart betalt før konkurs vart opna.

### 3.2.3 Tiltak kontoret vil ta for å betre effektiviteten i innfordringen

Skatteoppkrevjarkontoret har tatt i bruk «Rutineskildring for vanskelig innfordring», utarbeidd i 2014, og vil fortsette arbeidet med vanskelige/eldre restanser. Vi vil fortsette med å sende varsel om konkurs og tvangsdekning. Vi vil også fortsette vurdere utleggstrekk i gamle restanser, både storleiken av trekket og om trekk frå andre er ferdig. Vi undersøker om vi kan motrekne til gode mva og også eventuelle utbetalingar på økonomikontoret. Vi sender bistandbegjæringar både til andre skatteoppkrevjare og bistand utlandet.

### 3.3 Særnamskompetanse

Begge årsverka bruker særnamskompetansen. Vi har tatt 113 stk. utleggsforretningar i 2019. Sjølv om nokre av dei kun blir «intet til utlegg», har vi gode resultat av dei andre.

## 4. Arbeidsgjevarkontroll

Den interkommunale samarbeidsgruppa for arbeidsgjevarkontroll utarbeider eigen årsmelding, vi viser til denne.

Sted/dato: Langevåg, 22.01.2020



Britt J. Blindheim  
Skatteoppkrevjar



Elsa Stub Olsen  
rådgjevar

Vedlegg: Årsregnskapet for 2019 - signert av skatteoppkrevjaren.

## **SULA KONTROLLUTVAL ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2019**

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 23-1 er det pålagt for kommunane å ha kontrollutval.

Kommunelova har som føremål at kommunen si verksemd skal:

- tilrettelegge forholda for eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre
- og for ei rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteressene innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet og med sikte på ei bærekraftig utvikling.
- Legge til rette for ei tillitsskapande forvaltning som bygg på ein høg etisk standard

Dette gir mål for kontrollutvalet sitt arbeid og peikar ut ei retning for korleis utvalet skal utøve rollen sin. Desse måla skal vere å finne igjen i føremålet med både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon selskapskontroll og andre typar kontrollar. Årsmeldinga gir informasjon om kva for oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2019 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna måla.

Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 17. juni 2019. I forskrifta er det gitt reglar for val og samansetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapan skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eigarskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i.

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

Etter valet i 2015 har utvalet hatt denne samansettinga:

Leiar: Ronny H. Blomvik  
Nestleiar: Geir Ove Vegsund  
Medlem: Asbjørn Tryggestad  
Medlem: Inger Øien  
Medlem: Sverre Østrem

Etter kommunevalet hausten 2019 fekk utvalet slik samansetting:



Leiar: Olav Bjarne Skodje  
Nestleiar: Gunvor R Aannø  
Medlem: Aslak Digernes  
Medlem: Inger Øien  
Medlem: Svein Værnes

### ***Aktiviteten i året***

Kontrollutvalget har hatt 5 møte i 2019 og behandla 26 saker. Dette er ein høgare aktivitet enn forrige år, og aktiviteten er eit resultat av det behovet kontrollutvalet har hatt for å ta opp fleire saker.

Møtebøker frå kontrollutvalet sine møte blir oversendt kommunestyret til orientering. Kommunestyret får dermed løpande oversikt over aktiviteten i kontrollutvalet. I saker der kontrollutvalet gir innstilling eller uttalar til kommunestyret blir det sendt særutskrift og saksdokument til kommunestyret. Innstillingsretten i slike saker ligg til kontrollutvalet.

Det har blitt lagt vekt på å delta i relevante fora for å halde seg oppdatert om informasjon som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Eit viktig bidrag her har vore den årlege kontrollutvalkonferansen. Når kontrollutvalget har ønska meir informasjon om kommunen si verksemd og samtidig gjere eigen funksjon meir kjent, har rådmannen blitt invitert for å orientere. Også revisor har blitt invitert til å orientere om revisjonsarbeidet.

I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmelding, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpande oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon mellom anna gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Vidare har kontrollutvalet arbeidd med forvaltningsrevisjon av investeringsbudsjett, fleire orienteringar om rutinar innan offentlege anskaffingar og overordna revisjonsstrategi 2019. Kontrollutvalet har også fått ymse orienteringar knytt til skiping av nytt kommunerevisjon selskap.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgåver er mange og viktige. Derfor har det blitt gitt prioritet å styrke dette arbeidet. Kontrollutvalet har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar.

### **Forslag til vedtak:**

Sula kontrollutval godkjenner årsmeldinga og sende den over til kommunestyret som melding.

Bjørn Tømmerdal

Dagleg leiar

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

## **Sak 09/20 Orientering om rutinar innan heimebasert omsorg v/rådmann.**

### **Bakgrunn:**

Frå møteboka til Sula kontrollutval sitt møte 9. januar 2020:

### **Eventuelt:**

*Leiar Olav Bjarne Skodje tok opp følgjande:*

*Etter en innbyggerhenvendelse har jeg fått vite at det har vært avvik i rutiner som gjelder eldre som har krav på dusj / bad. Ved juletider fikk en slik person beskjed om at det ikke ble vasking på røde dager. Dette var en uke før jul, og neste besøk ville bli 07. januar. Hjemmetjenesten ble kontaktet og fikk beskjed om at julaften ikke var rød dag. Det kom visst som en overraskelse, og denne personen fikk hjelp allikevel.*

- 1. Er det virkelig slik at ved røde dager i kalenderen, så kan det gå tre uker mellom slike viktige besøk?*

### **Forslag til vedtak:**

*Sula Kontrollutval vedtar å kalle inn rådmann til neste møte den 19. februar. Dette for å avklare lover og rutiner på spørsmålet.*

*Forslaget blei vedtatt samrøystes.*

---

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringa sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS